

Vestnes kommune



Foto: Reidun Bjølverud

Årsmelding 2014

Kurs for flyktningar "Foreldre i Norge"



Foto: Edmund Melkild

Kulturskolen 40 år!



Foto: Svein Magne Harnes

Innhald:

Side	5		Innleiing ved administrasjonssjefen
Side	6		Organisasjonskart
Side	7	Kap 1	Vestnes kommune som arbeidsgjevar
Side	14	Kap 2	Sentraladministrasjonen og servicekontoret
Side	19		Oversikt politiske møte 2014
Side	20	Kap 3	Barnehagane
Side	27	Kap 4	Grunnskulen
Side	36	Kap 5	Barne- og ungdomstenestene
Side	44	Kap 6	Vaksenopplæring og flyktningssteneste
Side	47	Kap 7	Kultur og fritid
Side	56	Kap 8	Helse, omsorg og velferd
Side	66	Kap 9	Bu- og habiliteringstenestene
Side	74	Kap 10	Tekniske tenester
Side	79	Kap 11	Eigedomsdrift
Side	83	Kap 12	Økonomi og rekneskap
Side	97	Kap 13	Oversikt over prosjekt

INNLEIING VED ADMINISTRASJONSSJEFEN

Bileta på framsida viser tre viktige hendingar i 2014:

Det øvste biletet syner "*Hagen som møteplass*". Hagen rundt Frivilligsentralen er eit resultat av ein formidabel frivillig innsats med om lag 60 dugnadar og 45 frivillige i 2014. Alt har skjedd i regi av Gamleskulens venner. Organisasjonen har samla inn midlar over mange år og er innvilga vesentlege prosjektmidlar frå eksterne. Hagen er open for alle.

Biletet nedst til venstre er teke ved gjennomføring av kurset "Foreldre i Norge". Dette er eit foreldrerettleiingskurs i samarbeid mellom Barne- og ungdomstenestene, barnehage, skule, krisesenter og flyktningssteneste. Vestnes busette 25 flyktningar i 2013/ 2014 i samsvar med vedtak i kommunestyret. Det har vore mange positive tilbakemeldingar i lokalsamfunnet, og eit godt samarbeid med private har vore avgjerande for ein god prosess. Svært få kommunar gjer så stor bruk av private bustader som Vestnes kommune i integreringsarbeidet.

Biletet nedst til høgre er teke ved Kulturskulen si 40 års feiring. Det vart arrangert ein storstilt konsert på Idahall der elevar og lærarar med stor entusiasme fekk vist Vestnes kulturskule sitt mangfald og kvalitet.


Av dei meir krevjande hendingar i 2014 kan nemnast arbeidet for redusert arbeidsgjevaravgift for Vestnes kommune. Arbeidet lukkast og arbeidsgjevaravgifta vart redusert frå 14,1 til 10,6 % frå 1.juli 2014. Dette gir næringslivet i kommunen vår betre konkurransekraft. Stor var likevel skuffelsen då Stortinget i statsbudsjettet for 2015 gjorde trekk i Vestnes kommune sine rammeoverføringar med tilsvarande sum som letta i arbeidsgjevaravgift ville gi. Dette er ein heilt ny politikk. Det er stadfesta av hovudstyret i Kommunenes Sentralforbund og av deira økonomar.

Administrasjonssjefen vil avslutningsvis peike på at Vestnes kommune ønskjer auka fokus på måling av kvaliteten på tenestene våre. Vi treng organisasjonsmessig ein lære- og utviklingsprosess når det gjeld dette. Dei siste par åra har vi hatt auka fokus på å måle brukartilfredsheit på kommunale tenester. Vi meiner at dette vil gjere at vi kan rette fokus på både gode og mindre gode resultat og såleis stadig utvikle kvaliteten på tenestene våre til det betre.

Vestnes april 2015


Tone Roaldsnes
Administrasjonssjef

VESTNES KOMMUNE ORGANISERING



KAP 1 VESTNES KOMMUNE SOM ARBEIDSGJEVAR

Dette kapitlet omhandlar alle fagområda for Vestnes kommune som arbeidsgjevar.

1.1 IA avtalen

Vestnes kommune har vore IA bedrift sidan 2003. Det inneber at kommunen kan nytte seg av dei ordningane som ligg i avtalen, men også at kommunen har klare plikter.

I 2014 hadde kommunen eit mål om ein reduksjon av sjukefråveret på 15%. Denne målsettinga oppnådde vi ikkje. I 2014 var fråværet på 9,9% mot 9,8 % i 2013.

Samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv bygger på IA-avtalen for 2014 – 2018 og har som overordna mål å betre arbeidsmiljøet, styrke jobb-nærværet, førebygge og redusere sjukefråvær, samt hindre utstøying og fråfall i arbeidslivet. Meir om dei 3 delmåla i IA-avtalen er å finne på kommunen si heimeside.

Vestnes kommune har mål- og handlingsplan for IA –arbeidet for 2014. Tiltaksplan med definerte fokusområder ble vedtatt i 2014 (punkt 1.2)

1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

I kommunen er det stort fokus på sjukefråvær, både politisk og administrativt. Den nye **Samarbeidsavtalen**, om eit meir inkluderande arbeidsliv **for perioden 2014-2018**, inneber forenklingar i regelverket for oppfølging av sjukmeldte. Det tidlegare sanksjonsregimet er fjerna slik at arbeidsgjevarane kan bruke meir av tida på oppfølging på arbeidsplassen.

Avtalen inneber at det skal vere større innsats mot unge og inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet.

Politikarane har vedteke tiltaksplan for å få ned sjukefråværet. Tiltaksplanen tek opp fem område som skal ha særleg fokus. Desse er; 1) førebyggjande arbeid, 2)oppfølging av sjukemeldte, 3) etikk, 4) tilrettelegge for godt arbeidsmiljø og 5) leing.

Sjukefråveret i 2014 har vore stabilt høgt, med ei lita auka frå 9,8 % til 9,9. Målet om nedgang i sjukefråveret er ikkje nådd.

Driftsleiarane har ansvar for å følgje opp sjukmeldte systematisk. Ved langtidsfråvær kan driftsleiarane få bistand frå BHT og NAV.

Systematisk oppfølging av sjukemeldte kan føre til at sjukefråveret går ned på sikt. Ved langvarig høgt sjukefråvær må ein sjå nærare på både strukturelle og kulturelle faktorar i organisasjonen og ha ei tilnærming som er prega av løysingsorientering.

Fråversprosent 2010	Fråversprosent 2011	Fråversprosent 2012	Fråversprosent 2013	Fråversprosent 2014
9,5	9,9	8,6	9,8	9,9

Einingane har hatt følgjande sjukefråvær for 2014. Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (små einingar kan ha høg fråversprosent med t.d. eit langtidsfråvær)

Totalt for kommunen	Barns sjukdom	Eigenmeldt sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Sjukefråvær heile 2014: 9,8 %	Sjukefråvær heile 2013: 9,8 %
Eining for eigedomsdrift	0,2	0,5	1,4	2,2	
Tekniske tenester	0	0,2	4,9	5,1	3,5
BUT	0,2	0,7	3,3	4,1	6,1
Heimetenestene	0,1	0,7	11,6	12,5	11,1
Sjukeh/Trygdeh/sent.kj	0,2	1,0	11,9	13,1	14,2
Hellandtunet	0,2	0,7	15,2	16	13,8
Bu- og habilitering	0,1	1,0	11,6	12,5	12,2
Kulturskulen/bibl/frivill	0,6	0,7	6,9	8,1	4,1
Helland skule/SFO	0,2	0,8	5,3	6,2	4,7
Tresfjord skule SFO/ Tresfjord barnehage Skorgen barnehage	0,1	0,5	10,3	11	6,5 * Skorgen er ikkje med i talet for etablert i 2013
Tomrefjord skule/SFO	0,1	1	5,8	7	4
Fiksdal Oppvekstsent	0,1	0,7	4,2	5,1	4,4
Helland barnehage	0,5	1,5	11,7	13,7	19,3
Tomrefjord barnehage & Gardstunet barnehage	0,2	0,9	8,9	10	10,7
Legesenter, servicekontor, NAV kommune	0,3	0,5	7,3	9,1	16,5
Sentraladm.	0	0,7	4,6	5,2	4,8

1.3 Pensjon

Pensjonstype	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Alderspensjon	17	11	8	8	10	16
AFP	6	7	2	11	10	13
Uføre- /attføringspensjon KLP	20	21	38	21	19	36

Talet på tilsette som tok ut alderspensjon har auka. Talet på tilsette som har teke ut AFP har også hatt ei auke i 2014 og begge dei to føregåande åra. Talet på dei som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er langt høgare enn i 2013, omtrent på nivå med 2011. Av dei 36 som søkte fekk 14 delvis uførepensjon.

1.4 Verneteneste

Vestnes kommune er delt inn i 29 verneområde. Til å leie verneomboda er det vald eit hovudverneombod. Hovudverneombodet (HVO) har frikjøp av tid og har kontortid 12.00-16.00 ein dag/veke. HVO har kontor i 3.etasje på rådhuset. HVO har to møte i året med sine verneombod. HVO deltek i AMU og gjennomgår alle innmeldte merknader i samband med vernerundar før dei går til vidare handsaming. Alle verneomboda får opplæring. HVO er Kirsti Synnøve Skjegstad.

1.5 Tillitsvalde

Vestnes kommune har 12 forskjellige tillitsvald-organisasjonar å halde seg til. Av desse har 4 organisasjonar personar med frikjøp av tid. Det er faste månadlege møte mellom administrasjonssjefen og organisasjonane. Møta vert haldne første torsdag kvar månad.

1.6 BHT (bedriftshelseteneste)

SALIS BHT har vore kommunen sin BHT leverandør frå 2011 til 2014.

I 2014 hadde BHT fylgjande oppdrag;

- Røyk- og kjemikaliedykkarar -helsekontroll
- Røyk- og kjemikaliedykkarar –fysiske testar
- HMS-opplæring forledere og verneombud
- Veiledning av tilsatte med tilleggsoppgåver
- Nærværsprosjekt i samarbeid med NAV
- Leiarrettleiing og leiarstøtte
- Helsekontrollar (natt)
- Kurs-Helserisiko ved nattarbeid
- Ergonomivurdering barnehage
- Helsekontrollar
- Førstehjelpskurs
- Fotanalyse og tilpasning av sko og sålar
- Ergonomivurdering
- Inneklima og ergonomi
- Risikovurdering

BHT anbefaler at kommunen arbeider meir med tidleg avklaring på sjukmeldte personar, og at ein kjem i gang med alternative oppgåver i samband med gradert sjukmelding.

1.7 Varsling/konflikthandtering

Kommunen har utarbeidd rutine for varsling og konflikthandtering. Rutinane er slått opp på alle arbeidsplassar. Kommunen har hatt ei varslingssak i 2014, som er avslutta og lukka.

1.8 Avvik/ skademeldingar

I 2014 er det meldt inn 11 skade-/tilløp til skademeldingar på personalsida. Ein kraftig nedgang frå året før. Meldingane blir behandla i AMU. Elektroniske avviksmeldingar var på 110, noko som nok viser at systemet ikkje er i fullt operativt bruk. Forventar at alle einingar er oppe og går i løpet av 2015. Alle fast tilsette fekk i 2014 eiga epostadresse x.x@vestnes.kommune.no

1.9 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Etter kommunelova § 48 skal kommunen i årsmeldinga “redegjøre for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.”

Tal på tilsette i Vestnes kommune

Tal på kvinnelege tilsette har gått litt opp frå 2013 til 2014. Det gledelege er at fleire kvinner no har heil stilling, samanlikna med 2013.

Kjønn	Årsverk 2014	Årsverk 2013
Kvinner	486	467
Menn	108	108
Sum	594	575

Deltid

Totalt er det tilsett 478 personar i deltidstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeidet i pleie og omsorg. Frå 2013 til 2014 har det vore eit auka tal på kvinner i fulltidstillingar.

Stillingsprosent

	Menn		Kvinner	
	2013	2014	2013	2014
Fulltid	82	74	211	233
Deltid	49	57	412	421
Totalt	131	131	623	654

Likestilling

Kvinner utgjør 83,3 % av dei tilsette. Vel 2,3 % av dei har leiande stilling. Menn utgjør 16,7% av dei tilsette. Her har 5,3 % leiande stilling.

Kjønnsbalanse		
	Menn	Kvinner
Totalt	131	654
Leiarnivå	7	15

1.10 Betryggjande kontroll og høg etisk standard

Etter kommunelova §48 skal årsmeldinga omtale følgjande forhold:

5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten..... Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.

Vestnes kommune sine “**Etiske retningslinjer**” vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Kommunen har eigne interne retningslinjer for “**Handtering av inhabilitet i administrasjonen**”.

Ein høg etisk standard er målet i all tenesteyting. Det vert mellom anna arbeidd med dette på følgjande måtar:

I skulane og barnehagane

Det er utarbeidd system for gjennomgang av teie- og opplysningsplikt og for ivaretaking av personvern og korrekt handtering av informasjon. Dette er også tema på personal- og leiarmøte.

- Det er utvikla system for medverknad, t.d. medarbeidar-, føresette- og barne-/elevsamtalar.
- Det er oppretta refleksjonsgrupper. Desse gruppene arbeider etter ein bestemt metode og kan nyttast til ulike problemstillingar, også etisk refleksjon.

I teknisk sektor

Leiar oppgjer følgjande som fokusområde for kontroll og høg etisk standard:

- At vi som tilsette har stor kontaktflate med innbyggjarane/brukarane og difor må vere bevisste på å fremje positiv omtale av kommunen og kvarandre.
- At vi i vårt arbeid er bevisste på at også “svake partar” får sin rett på linje med andre, når vi rådgjev og utøver vårt mynde.
- At vi brukar anskaffelseslova, forskrifter og rammeavtalar ved innkjøp og investeringar.
- At vi forvaltar samfunnet sine fellesmidlar og må ha høg etisk standard på arbeidet vårt.
- At det kan vere delte meiningar om politiske vedtak og rammer/prioriteringar, men at kommunestyrevedtak skal følgjast opp lojalt så godt som råd er.
- At våre haldningar og vår måte å opptre på er viktige faktorar for å skape tillit – både i innbyggjarane sitt forhold til kommunen og oss tilsette i mellom.

I eining for eigedomsdrift

Det er fokus på at

- ved innkjøp skal vi bruke rammeavtalar og innkjøpsavtalar der det føreligg. I andre tilfelle skal anskaffingar av varer og tenester vere i samsvar med lov om offentlige anskaffelser med tilhøyrande forskrift.
- ein har praksis for å diskutere eller konsultere ein kollega eller leiar i saker eller på områder der den enkelte har “stor” myndigheit til å avgjere noko, eller i tilfelle der det er ope for skjønsmessige vurderingar.
- Ein skal følgje saksbehandlingsreglane i aktuelle lover.

Barne- og ungdomstenestene

Barne- og ungdomstenestene har 3 til dels kryssande lovverk å forhalde seg til. Alle lovverka inneber streng teieplikt. Dei tilsette tek dette på stort alvor, og dette inneber drøftingar og refleksjonar av prinsipiell og etisk karakter. Tenesta har stort fokus på forsvarlegheitskravet

og har fått rettleiing frå Fylkesmannen i desse avklaringane.

Pleie- og omsorg

I pleie- og omsorg er det i personalmøte etablert sekvensar der etiske dilemma vert drøfta. Fleire av einingane har teke i bruk **“Etikkhandboka”** utgitt av Kommuneforlaget. Her ligg det også “refleksjonskort” med etiske problemstillingar. Fleire einingar rapporterer om at dei vil ta i bruk refleksjonskorta på ein meir systematisk måte.

1.11 Rekruttering og kompetanse

Kommunen har gjennom opplæringskontoret deltatt i yrkesmesse, og vi legg opp til å ha ei meir aktiv rolle inn mot rekruttering i 2015, der kommunen sjølv deltek.

I tabellen nedanfor er det teke med kompetansegejevande opplæring i 2014 for tilsette i Vestnes kommune.

Kompetansegejevande opplæring- vidare og etterutdanning	Antall tilsette
Logopedutdanning 4 år	1
Desentralisert barnehageopplæring	2
Ingeniør FDVU	1
Engelsk	2
Barne-ungdomsarbeidar	2
matematikk	1
Internasjonal beredskap	1
Leiarutdanning i helse- og sosialtenesta	2
Rehabilitering	1
Miljøarbeid og tverrprofesjonalitet	1
Sjuepleiarutdanning	2
Helsefagarbeidarutdanning – 2 ferdig 2014, 25 under utdanning	27

1.12 Medarbeidarundersøking 2014

For første gong gjennomførte vi medarbeidarundersøking med hjelp av “Betre kommune” sitt system. Alle fast tilsette var med i undersøkinga. På førehand vart det valt ut 4 indikatorar som vi tok med i årsmeldinga

I løpet av 2015 kjem det ny versjon av medarbeidarundersøkinga som vi vil nytte. Av den grunn er det ikkje sett opp nye indikator mål.

Rapportar frå medarbeidarundersøkinga kan takast ut på einingsnivå. Driftsleiarane gjennomgår undersøkjinga lokalt med sine tilsette. Avvik der resultatet er lågare enn snitt Norge skal arbeidast med og rettast opp. Som det går fram av tabellen er kommunen som organisasjon på dei fleste områda innafor landsgjennomsnittet. Det er likevel lokale variasjonar som ikkje kjem fram her og som blir arbeidd med i den enkelte eining.

Organisasjon	<u>Medarbeidarundersøking 2014 :</u> <u>Indikatorar for heile kommuneorganisasjonen:</u>	2014	Snitt Norge
	Organisering av arbeidet	4,6	4,6
	- I kva grad er du aktivt med på at arbeidsplassen når måla sine?	4,7	5,0
	Samarbeid med kollega	5,1	5,0
	- I kva grad løyser de felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,9	4,8
	Innhald i arbeidet	5,1	5,0
	- Meistrar du jobben din ut frå dei forventningane som blir stilt til deg?	4,8	5,0
	Næraste leiar	4,6	4,7
	- I kva grad opplever du at din næraste leiar er lydhør overfor synspunkta dine?	4,6	4,8

KAP 2 SENTRALADMINISTRASJON OG SERVICEKONTOR



Foto: Øystein Solbakken

2.1 Oversikt over sektoren

Servicekontoret:

Postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord og kundemottak, eigedomsskattekontor, bustøttekontor.

Sentraladministrasjonen:

Løns- og personalkontor, adm.sjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, tenestekontor (helse-omsorg), folkehelsekoordinator.

IKT er frå 1. januar 2014 overført til ROR IKT samanslått med 4 andre Romsdalskommunar med Molde som vertskommune. Leiar for servicekontoret er med i bestillarutval i ROR IKT og samordnar Vestnes kommune sine interesser og behov med dei andre kommunane. Adm.sjef er styremedlem i ROR IKT.

Rekneskapstenester og skatteoppkrevjing er lagt til Molde kommune som vertskommune.

	Tal Årsverk 2013	Tal Årsverk 2014	Ev. merknader
Sentraladministrasjonen	21	12,2	*Landbruk, miljø, plan, bygg flytta til tekniske tenester. IKT til ROR-IKT. Rekneskap- kjøper tenester av Molde
Servicekontor	7,2	7,2	

2.2 Resultatmål

Sentraladministrasjonen

Målområde	Styringsindikatorar	Status 2014	Mål 2015
Teknologi/IKT	- Min Vakt – bruk av programmet i fleire einingar - Andel tilsette som har tilgang til bruk av RiskManager avvikssystem - Andel bruk av RiskManager HMS	PO 10 0	+BH/skule 100 100
Brukarar/elevlar/pasientar – “opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøkjingar på området		
Teneste “objektiv kvalitet”	Andel kundar som nyttar elektronisk faktura (snitt for alle tenester)	20	30
	Andel dagsverk med sjukefråver servicektr/sentr.adm: - Eigenmeldt - Legemeldt <u>Andre forhold i organisasjonen 2015:</u> - Antal brannøvingar rådhuset - Antal regulerbare kontorpultar (HMS) rådhus - Antal Saksbehandlarkurs - Antal oppdaterte reglement personal - Antal oppdaterte prosedyrer personal - Andel avklart sjukepengereestansar mot NAV	0,7 4,6 0 19 0 3 4 100	0,5 2,0 1 4 1 3 4 100
Økonomi	- overtid i eininga (i tusen kr) - økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	75 -3	50 100

Servicekontoret

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi/ IKT	Utarbeide rutinebeskrivelsar for arbeidsoppgåver/system	ha rutinebeskriv. for 50% av arb.opp	Har utarbeidd ein del rutinar	Utarbeide 10 rutiner
	Opplæring sak- arkivsystem (ePhorte)	Gjennomføre 10 halvdags temakurs	Ikkje gjennomført	-
	Avlevering personsensitivt arkiv til IKA (Vergemålsarkiv, MORS, klientarkiv barnevern og PPT)			Gjennomføre avleveringar av personsensitivt arkiv
	Visma Enterprise – KommFakt	Sette av 5 halve dagar til dette.	Gjennomført 1 samling	Sette av tid til internopplæring
	ROR IKT – bestillarutval også lokalt –	Opprette lokalt bestillarutval	Ikkje oppretta	Opprette lokalt bestillarutval
	Tilskot tilpasning (Husbanken) Tilskott etablering (Husbanken)	Tildele pott	Ikkje tildelt	Tildele pott Tildele pott
Brukarar/ innbyggjar “opplevd kvalitet”	Kvalitet på nett Med ny nettside i 2015 (Målt med antal stjerner der 6 er best)	5 stjerner	Arbeidet med ny portal ikkje oppstarta ROR IKT	Oppstart arbeid med ny portal ROR IKT
Teneste “objektiv kvalitet”	Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist: • Bostøtte • Startlån • Drosjelappar • Infolandsaker • Skjenkesaker	100 100 100 100	100 100 100 100	100 100 100 100 100

2.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Sentraladministrasjonen er redusert i omfang i løpet av 2014.

Rekneskap er skilt ut og flytta over til Molde kommune. Miljø, landbruk plan og byggesak er flytta over til tekniske tenester. Staben er dermed redusert med 8,8 årsverk. Rauma kommune var inne med bistand på lønskontoret i perioden mai til desember. Framleis er vi svært sårbar på fagområde løn.

Andre utviklingstrekk generelt

- Sentralisering av elektroniske funksjonar
- Ønske om større fagmiljø
- Interkommunale løysingar
- Høg alder på tilsette fører til mange ny-rekrutteringar framover
- Få tilsette på kvart fagområde fører til at ein er sårbar ved sjukdom /fråvær
- Stort kompetansekrav på fag og system
- Høg konkurranse i marknaden på mange fagstillingar, vanskar med rekruttering.
- Utfordringar med rekruttering til leiastillingar

Servicekontoret

Endringar i forvaltningslova og e-forvaltningsforskrifta inneber at digital kommunikasjon skal vere hovudregel for kommunikasjon med innbyggjarane. Det vert etablert eit felles register over innbyggjarane sin digitale kontaktinformasjon og reservasjonsstatus. Frå 2016 er det obligatorisk for alle statlege verksemder og kommunar å bruke dette registeret.

For å nå måla med dette og halde seg oppdatert, må vi få på plass nytt sak- arkivsystem, ny portalløysing og ta i bruk fleire modular i økonomisystemet vårt. Dette krev mykje arbeid og blir samkøyrdd gjennom bestillarutvalet i ROR-IKT. Det er krevjande å få nok tid til å sette seg inn i nye krav og standardar.

2.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

Sentraladministrasjonen – løn og personal

- Ajour med rapportering til andre offentlege instansar, KLP, SPK, Aa-registeret.
- Ajour med registrering av sjukmelding og løpande krav om refusjon oversendt NAV.
- Har totalt hatt 109 tilsetjingssaker i 2014. I tillegg 3 prosjektstillingar i lag med Rauma kommune innan førebyggjande helse/frisklivssatsing. Ferievikararinntaket i pleie og omsorg tek mykje tid spesielt i perioden mars til mai.
- “Møteplassen”. Oppfølgingsarbeid ved sjukefråvær
- Gjennomført 2 informasjonsmøte for tilsette med KLP og individuelle samtalar for aktuelle tilsette om pensjon
- Ikkje fått tatt i bruk Risk Manager (avvikssystem) i det omfang som er tenkt.
- Nytt Tilsetjings- og arbeidsreglement, Gåvereglement og Telefonreglement er utarbeidd og vedteke.
- Har utarbeidd rutinar for overtalligheit og omplassering, utlysing av stillingar og annonsering.

Servicekontoret

- I 2014 har vi journalført og kvalitetssikra ca 18 500 dokument/filer.
- Rettleia og kursa saksbehandlarar i bruk av sak-/arkivsystem og dokumenthandtering.
- Verjemålsreforma: lokal verjemålsmyndigheit vart lagt til Fylkesmannen. I 2014 har vi komme i gang med rydding av arkivet og starta klargjering for avlevering til IKA.
- Har ikkje hatt kapasitet til å halde heimsida oppdatert – Prioritering: nyhende.
- Eigedomsskattekontoret: Det kom ikkje inn noko klage på eigedomsskatten i 2014. Ein brukte ein del tid på nye/endra skatteobjekt som vart ferdigstilt i 2014. Sakkunnig nemnd hadde berre eitt møte.
- Årim – brukt tid på datagrunnlaget i fagsystemet for kommunale eigedomsavgifter. Vi mottek datafiler over gebyrlinjene for renovasjon og slamtømming frå Årim. Desse blir fakturerte saman med gebyrlinjene for kloakk, feie- og tilsynsgebyr og eigedomsskatt.

Andre forvaltningsoppgåver

- Rask behandling av alle søknader om sals- og skjenkeløyve – 18 salsløyve.
- Gjennomføring av etablerarprøve og kunnskapsprøve – 7 stk etablerarprøver
- Behandla 63 førespørslar frå Infoland (meglaropplysningar), alle vart levert innafor tidsfristane. Ein nedgang på 33 % fra 2013.
- I 2014 var det i gjennomsnitt 118 mottakarar av bustøtte.
- Startlån 2014: 18 søknadar er innvilga og utbetalt. 8 søknadar er innvilga, men ikkje utbetalt ved årsslutt. 12 søkarar fekk avslag. Ca 6 mill er utbetalt, eller ligg klar til

utbetaling. Snittutbetalinga pr. lån er ca 230.000. Tildelingsutvalet for startlånsaker har hatt 15 møter i 2014.

- 178 personar får "drosjelappar"/transportteneste for funksjonshemma (37 nye i 2014)
- 14 innvilga ledsagerbevis
- 30 vedtak om parkeringsløyve for forflytningshemma
- Fakturering av kommunale eigedomsavgifter har gått som planlagt, 14 000 fakturaer er utsendt for kommunale eigedomsavgifter og eigedomsskatt.

Bestillarutval ROR IKT vart oppretta.

Mandat:

1. Kartlegge behov og ønskje for IKT-utvikling i den enkelte kommune og legge føringar for felles IKT strategi.
2. Samordne og prioritere kommunane sine samla IKT-utvikling og IKT-investeringar.
3. Gje innstilling til styret om prioritering av prosjekt og investeringar i arbeidet med årleg budsjett/økonomiplan.
4. Bidra til at det blir gjennomført brukarundersøkingar som sikrar at system, support og opplæring er tilfredsstillande.

2.5 Rekneskap 2014

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Politisk styring, næringsutv.	5 056	6 052	755	5 297	5 198	-99	-1,9
Sentraladministrasjonen	12 250	12 182	1 839	10 343	10 044	-299	-3,0
Servicekontor	2 841	4 340	1 207	3 133	3 325	192	5,8
Fellesutgifter	5 764	15 998	5 556	10 442	10 191	-251	-2,5
	25 911	38 572	9 357	29 215	28 758	-457	-1,6

Oversikt over politiske møte 2014

Utval	Tal på møte i 2014
Kommunestyre	9*
Formannskap	13**
Planutval	10***
Helse- og omsorgsutval	7
Valstyre	1
Administrasjonsutval	4
Råd for funksjonshemma	3
Eldreråd	4
Ungdomsråd	7****
Næringsfondsutval	2
Sakkunnig nemnd	1
Arbeidsmiljøutvalet	4
Sentrumsnemnd	7***
Kontrollutvalet	5

* Inklusive dialogmøte mellom kommunestyret, kommunalsjefar, driftsleiarar og tillitsvalde

** Inklusive dialogmøte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal

*** Inklusive sammøte mellom planutvalet og sentrumsnemnda

**** Inklusive arrangementet yrkesmesse 2014

KAP 3 BARNEHAGANE

3.1 Oversikt over sektoren

Kommunale barnehagar	Tal på plassar	Årsverk	Tal tilsette	Godkj. plassar	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Heiltids plassar (omrekna)	Kostnad Pr. plass
Skorgen barnehage	36	7,42	10	36	19	10	28,4	111,162,-
Fiksdal barnehage	24	5,75	7	24	14	5	20,7	133,688.-
Tomrefjord barnehage	36	7,12	9	36	18	9	28,4	111,487.-
Gardstunet barnehage	42	8,93	11	42	23	12	34,3	115,694.-
Helland barnehage	132	25,40	27	132	75	31	103	114,477.-
Totalt kommunale bh	294						231,3	117,121.-
Private barnehagar								
Vike Montessoribarnehage	36	7,9	10	42	17	12	27	128,634.-
Tryggheim barnehage	48	9,10	15	48	27	14	38,2	126,826.-
Totalt private bh	84						65,3	127,574.-
Tresfjord barnehage	24	4,90	8	24	13	10	16,7	135,594

Tal frå årsmelding pr. 15.12.2014.

Tilskot til dei private barnehagane er også inklusiv kapitalkostnadar på kr. 9100.- pr. plass.

Indianar leikar bjørnen sover



Foto: Marit Rypdal

Klatring i hengebruer



Foto: Gunn A. Hammes

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi/IKT	Bruke nettbrett i arbeidet med språkstimulering og tidleg innsats	Innkjøp og kurs nettbrett Helland, Fiksdal og Tresfjord	Nettbrett innkjøpt Helland, Fiksdal og Tresfjord. Intern opplæring	Innkjøp og opplæring nettbrett Tomrefjord, Gardstunet og Skorgen
Brukarar – Brukarundersøking “opplevd kvalitet”	Opplevd kavlitet - brukarundersøking (foreldre). Totalresultat : Enkeltindikatorar: Skala 1-6, der 6 er best. - I kva grad foreldra opplever at personalet syner omsorg for deira barn - I kva grad foreldra opplever at barna deira har godt venskap med andre barn - I kva grad foreldra er fornøgde med samarbeidet mellom barnehagen og heimen	Nasjonalt nivå 5,0 5,3 5,1 5,0	Undersøking oddetalsår, resultat 2013 4,9 4,9 4,9 4,5	Nasjonalt nivå
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektivt målt kvalitet - Andel barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp - Andel årsverk pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon i kommunale barnehagar - Andel ansatte med førskulelærer/barnehagelærerutdanning i kommunale og private barnehagar	3,0% 20% 30%	*5,5% 27% 26,8%	5% 20% 30%
Organisasjon	Andel (%) dagsverk med sjukefråver: Helland barnehage - Eigenmeldt - Legemeldt Tomrefjord barnehage - Eigenmeldt og legemeldt Gardstunet barnehage - Eigenmeldt og legemeldt Fiksdal oppvekstsenter - Eigenmeldt og legemeldt Tresfjord oppvekstsenter -Eigenmeldt og legemeldt Skorgen barnehage - Eigenmeldt og legemeldt For små einingar til å oppgi prosent	1,5 12,0 Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt	1,5 11,7 Over k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Over k-snitt	1,5 11,0 Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt
Økonomi	Omfang av overtid (i tusen kr) - Helland barnehage - Tomrefjord barnehage - Gardstunet barnehage - Fiksdal oppvekstsenter, barnehage - Tresfjord oppvekstsenter, barnehage - Skorgen barnehage - Totalt	100 20 25 15 15 20 195	70 18 19 21 24 29 181	80 20 25 20 20 20 185

	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)			
	- Helland barnehage - Tomrefjord barnehage - Gardstunet barnehage - Fiksdal oppvekstsenter, barnehage - Tresfjord oppvekstsenter, barnehage - Skorgen barnehage	100 100 100 100 100 100	99,6 100 99,6 99,8 95,8 101,1	100 100 100 100 100 100

*Ny telledato er 31.12. og ikkje 01.10 som førre år. Dette gir eit meir rett bilde av omfanget spesialpedagogisk hjelp i barnehage. I tillegg er private barnehagar tatt med i andelen. Dette pga. at det er interessant i høve overgang til skule, og at spesialpedagogisk hjelp er eit kommunalt ansvar.

3.3 SEKTOREN SINE UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGER

- Det blir fleire og fleire to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane. Samstundes får vi fleire og fleire fleirkulturelle vaksne inn i barnehagane som vikar, som ein del av introduksjonsprogram og språkpraksis. Vi må vere bevisste her i høve kva tilbod vi gir til barna som skal lære norsk, og det å ha nok gode språkmodellar.
- Pr 15.12.2014 blei det innrapportert 35 barn som minoritetsspråklege i dei kommunale barnehagane pluss 2 i dei private barnehagane. Vestnes kommune mottok 117 000.-kr i tilskot til tiltak for å betre språkforståinga for desse barna i 2014.
- Mykje ressursar i form av tid er brukt til Vera-prosjektet "Spenningsfeltet mellom den ordinære opplæringa og det spesialpedagogiske tilbodet" Eit av måla her er at fleire barn skal få betre læringsutbytte av det ordinære tilbodet.
- Barnehagane søkte om 5,6 årsverk knytt til barn med nedsatt funksjonsevne, jf. barnehagelova sin §13. Desse midlane er i stor grad knytt til medisinske diagnoser, språkutfordringar og til barn med store hjelpebehov . 3,7 årsverk blei fordelt.
- Sjølv om vi i dei kommunale barnehagane har rekruttert inn barnehagelærarar under utdanning til alle stillingar som krev barnehagelærarutdanning, kjem vi dårleg ut i statistikken over dispensasjon frå utdanningskravet. Dei som er under utdanning må det søkjast dispensasjon for heilt til dei er ferdig utdanna. I dei kommunale barnehagane er det innvilga dispensasjonar i til saman 5,4 årsverk som pedagogisk leiar. I dei private barnehagane 2,7 årsverk . Vi har ingen dispensasjonar frå utdanningskravet som styrar.
- Spesielt i dei små einingane er det mange som jobbar frivillig deltid, det kan til tider føre til at det er vanskeleg å få den ønska flyten i arbeidet. Dette gjeld både pedagogar, fagarbeidarar og assistentar.
- Høgt sjukefråver pregar fortsatt barnehagesektoren. Spesielt med vekt på langtidsfråver.
- Vestnes kommune tilbyr jul- og påsketilbod ved Helland barnehage for alle dei kommunale barnehagane. Om sommaren er alle kommunale barnehagar stengt 4 veker.
- Barnehagesektoren har godt samarbeid med andre sektorar som skulane, helsestasjonen, PPT, barnevern m.m.
- Barnehagesektoren har fått meir bevisstheit rundt kva det vil sei at barnehagen er ein lærande organisasjon. Både gjennom lesing og drøfting av teori, fagdagar og ved å ha personar i utdanning og ta imot studentar. I tillegg bidreg Vera prosjektet til dette samt tverrfaglege team.

3.4 KVA HAR VI OPPNÅDD I 2014?

- Til hovudopptaket 01.03.2014 kom det inn 90 søknader, 64 stk. under 3 år, og 26 stk. over 3 år. Alle som ønska å starte i august 2014 (84 stk.) fekk tilbod om plass.
- Fleire barn fekk opptak ved nyttår ved omgjering av 3 åringane (dei som fyller 3 år mellom 1/1-31/7) til storbarn.
- Vestnes kommune gjennomførte tilsyn i tråd med tilsynsplanen: Eigenmeldt tilsyn for alle barnehagane våren 2014, og 4 varsla tilsynsbesøk hausten 2014. I tillegg 1 varsla tilsynsbesøk i januar 2014 utanom oppsett plan.
- I april 2014 blei det gjort tilstandsvurdering av alle dei kommunale barnehagane sine uteområde. Det blei utarbeidd rapportar med avvik og tiltaksvurdering. Dette har gitt oss eit godt verkty å arbeide vidare utifrå.
- Vi har 2 lærlingar i kommunale barnehagar
- På bakgrunn av midlar frå Fylkesmannen har vi gjennomført internt kurs for assistentar og vikarar i barnehagane utan barnefagleg grunnkompetanse. 14 personar deltok.
- I VeRa-prosjektet har vi utarbeidd 4 standardar som karakteriserer "Den gode barnehage i Vestnes". Desse standardane er:
Barnehagane i Vestnes er gode når:
 1. vi legg vekt på tidleg innsats
 2. det er godt foreldresamarbeid
 3. både barn og vaksne har eit godt psykososialt miljø
 4. barnehagen er ein stad for lek, læring, danning og omsorg.Vi har hausten 2014 arbeidd med 1. standarden
- I samband med VeRa prosjektet har vi etablert refleksjonsgrupper i alle barnehagar og dermed fått auka refleksjon og heva den faglege kvaliteten.
- Vi har innført ny møtearena for leiarane ved barnehagane og skulane.
- Vi har rekruttert internt til alle stillingar som krev barnehagelærarutdanning. 4 personar som arbeider i dei kommunale barnehagane er i gang med utdanning. 1 person har fått stilling med atterhald om vidareutdanning som kvalifiserer til barnehagelærer. I tillegg har vi gitt støtte til litteratur til 2 studentar som ikkje er inne i stillingar.
- Ein barnehagelærer har tatt vidareutdanning i rettleiing/mentor, og ein barnehagelærer har tatt vidareutdanning i Norsk 2, ved Høgskulen i Volda.
- I utviklingsprosjektet som vi kallar "Triangelprosjektet" har vi arbeidd med fokusområdet: "Vaksenrolla i inkluderande lek" våren 2014. Prosjektet er avslutta i si noverande form. Det er utarbeidd rapport frå prosjektet.
- Auka barnehagefagleg kompetanse for barnehagekonsulent gjennom vidareutdanninga "Barnehagemyndighet, innovasjon og kunnskapsutvikling" ved Dronning Mauds Minne i Trondheim.
- Vestnes har i samarbeid med Aukra og Nettet hatt eit prosjekt knytt til nye rutiner og skjema for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet som barnehagelærer, samt rettleiingskrav/rettleiingsrett for dei som får midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet.

3.5 TILTAK FOR Å FREMME FOLKEHELSE

- Fokus på god ballanse mellom aktivitet og kvile for barna
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiaren ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.
- Fokus på sunt kosthald i tråd med retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring.
- Utelek og turar i naturen til alle årstider.

- Aktivitetar i idrettshall/gymsal. Musikk, rørsle, dans, drama og lek.
- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet.
- Helland og Gardstunet barnehage er med i prosjektet: "Klare sjøl". Målet med prosjektet er at dei vaksne skal lære å unngå/reducere uheldige belastningar og barna skal ein auka oppleving av meistring i kvardagen. Prosjektet samkøyrer ergonomi og pedagogikk, altså vaksne og barn sin kvardag i barnehagen.

3.6 KOSTRA-TAL PA OMRÅDET

KOSTRA tal - barnehage	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. driftsutg pr innb. i kommunen	6 563	7 618	7 746	7 043	6 967	7 494	7 224
Nto. driftsutg pr innb. 1-5 år	129 861	129 795	128 584	118 636	116 377	129 016	120 850
Brutto dr. utg pr. opphaldstime	64	59	58	55	58	56	53
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	91,2	92,5	90,9	92,1	88,3	94,6	85,5
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	77,4	83,1	81,0	82,3	78,1	84,2	76,1
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	100,0	98,2	97,1	98,9	95,1	100,8	91,7
Andel barn med meir enn 33 timar pr veke	88,7	95,6	96,2	92,6	95,3	98,5	95,2
Andel barn med mindre enn 33 timar pr veke	11,3	4,4	3,8	7,4	4,7	1,5	4,8
Andel barn i kommunale barnehagar	77,3	48	50,1	53,7	44,2	45,1	34,2
Andel minoritetsspråklege barn	12,0	10,8	12,5	5,4	17,1	11	7,8
Antall barn pr. ansatt	6,1	6,0	6,1	6,5	6,2	6,1	6,5
Andel ansatte med barnehagelærarutdanning	26,8	31,6	34,9	27,3	32,3	29,7	27,3
Andel styrarar og ped pers med førskuleutd	68,4	85,8	90,9	71,7	86,8	82,5	91,1
Andel menn i barnehagen	3,4	4,9	7,6	5,3	7,3	7,4	3,2
Andel barn med ekstra ressurs/styrka tilbud	16,2	13,9	15,3	8,3	18,9	12,3	13,5
Leke- og opphaldsareal pr barn, m2	6,9	5,7	5,6	6,4	4,8	5,2	5,1

- Ein større andel enn gjennomsnitt har redusert opphaldstid
- Vi har større andel minoritetsspråklege barn enn snittet i Møre og Romsdal, og høg andel barn som har ekstra ressurs/styrka tilbud er høg hos oss.
- Kostnaden i barnehagen (pr. opphaldstime) ligg noko over snittet.

Utvikling 2009 – 2014

Nokre KOSTRA tal - barnehage							Endring i %
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	09 - 14
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	87,5	88,9	92,8	94	88,4	91,2	4,2
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	69,3	70,3	77,1	76,8	72,8	77,4	11,7
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	98,7	101,4	102,7	103,6	98,2	100	1,3
Andel barn med meir enn 33 timar pr veke	76,4	70,5	74,0	80,7	87,0	88,7	16,1
Andel barn med mindre enn 33 timar pr v.	23,6	29,5	26,0	19,3	13,0	11,3	-52,1
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	22,9	23,5	22,9	19,5	25,4	26,8	17,0
Andel styrarar og ped pers m førskuleutd	63,9	82,1	69,4	56,1	68,2	68,4	7,0

	Antall barn					Omrekna til heiltidsplassar				
	2010	2011	2012	2013	2014	2010	2011	2012	2013	2014
0 - 2 år	102	108	98	108	106	83,15	88,09	85,38	98,21	96,58
3 - 6 år	217	226	233	217	213	189,97	204,67	214,51	204,55	199,97
Sum	319	334	331	325	319	273,12	292,76	299,89	302,76	296,55

- Barnetalet har gått ned siste åra, har nok samanheng med låge fødselskull.
- Grunna at ein større andel har hatt heiltidsplass har likevel ant. heiltidsplassar auka helt fram til 2014 då det var ein liten nedgang.

3.7 ØKONOMISK RESULTAT 2014

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2013	i kroner	og i %
Tomrefjord barnehage	3 123	4 467	1 303	3 164	3 163	1	0,0
Tresfjord barnehage	1 978	2 822	563	2 259	2 359	-100	-4,2
Helland barnehage	11 454	16 702	4 920	11 782	11 824	-42	-0,4
Fiksdal barnehage	2 556	3 420	658	2 762	2 768	-6	-0,2
Gardstunet barnehage	3 657	6 095	2 129	3 966	3 981	-15	-0,4
Skorgen barnehage	1 462	4 902	1 745	3 157	3 124	33	1,1
Fellesutgifter	2 587	3 862	798	3 064	2 077	987	47,5
Private barnehagar	9 744	8 352	394	7 958	8 038	-80	-1,0
Sum barnehage	36 561	50 622	12 510	38 112	37 334	778	2,1

- Samla auka barnehageutgiftene med 1,5 mill. kr, eller 4,2%. Tilsvaer løns/prisauke. Skorgen barnehage vart kommunal barnehage frå 01.08.13. Det er årsak til den store auken for denne barnehagen og tilsvarende reduksjon på tilskott til private barnehagar.

- Budsjettramma til barnehagane var stram. Eit av sparetiltaka var at barnehagane skulle ta inn fleire barn i avdelingane utan å auke bemanninga dersom det var behov for det. Alternativet var at vi måtte ta i bruk ei avdeling til ved Helland barnehage og redusere grunnbemanninga i alle dei andre barnehagar.
- Det var svært positivt at dei kommunale barnehagane heldt tildelt budsjettramme. Viser at dei har kontroll og styring på drifta.
- Men fellesutgiftene vart noko høgre enn budsjettet slik at sektoren samla fekk eit meirforbruk på knapt 0,8 mill.kr. Det var utgifter til ekstra ressurs til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og spesial pedagogisk hjelp som er høgre enn budsjettet.

KAP 4 GRUNNSKULANE OG SFO

4.1 Oversikt over sektoren

Oversikt over grunnskular og SFO i kommunen:

Kommunale grunnskular		Tal på elevar pr. 01.10.2014		
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter/SFO	27	21	-----	18
Tomrefjord skule/SFO	95	62	86	51
Helland skule/SFO	144	105	149	82
Tresfjord Oppvekstsenter/SFO	21	16	-----	10
Totalt elevtal kommunale grunnskular	287	204	235	161

Private grunnskular		Tal på elevar pr. 01.10.2014		
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Vike Friskule/SFO	36	24	-----	34

Ansvar	Tal årsverk *	Tal årsverk	Tal årsverk
	Undervisning/adm.	Assistentar	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter	5,76	1,59	0,63
Tomrefjord skule/SFO	27,16	5,41	1,75
Helland skule/SFO	37,96	5,85	4,08
Tresfjord skule/SFO	4,99	1,18	0,57
Sum	75,87	14,03	7,03

Felles fjelltur 1.-4. steg Helland skule



Foto: Lindis Arvik

4.2 Resultatmål grunnskule og SFO 2015

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi IKT	Skriftleg vurdering i alle fag på Pedit, elevmappe.	Skulane tek dette i bruk	Delvis	Alle skulane tek dette i bruk
	Felles IKT-plan for elevane i den kommunale grunnskulen i Vestnes.	Under arbeid	Under arbeid	Digital IKT-plan
	Helland og Tomrefjord skule – innkjøp og opplæring i pedagogisk bruk av interaktive tavler i klasserommet.	Avklare event. Innkjøp	Ikkje prioritert	Ikkje prioritert
	minTimeplan, administrativt program	-----	-----	Innkjøp gjennom ROR-IKT
	Kjøp av PC og programvarer	Årleg innkjøp	Årleg innkjøp	Årleg innkjøp
	Nytt skuleadministrativt program	-----	-----	Anbod/ inn-kjøp 2015
Elevar/ foreldre	Opplevd kvalitet – brukarundersøking Skala 1-5, der 5 er best.	Nasjonalt nivå Resultat	Resultat 2014	Nasjonalt nivå
“opplevd kvalitet”	Elevundersøkinga (95,2 % deltaking) Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg			
	Fråvær av mobbing på skulen	4,8	4,7	
	Score trivsel på skulen	4,3	4,2	
	Score på fagleg rettleiing	4,3	4,4	
	Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga	3,9	3,8	
	Foreldreundersøkinga – Skule (26,8 % deltaking)			
	I kva grad er føresette nøgd med kommunikasjonen mellom heim og skule	4,4	4,6	
	I kva grad opplever føresette at barnet deira får nok faglege utfordringar på skulen	4,3	4,6	
	I kva grad opplever føresette at sitt barn får oppgåver på skulen som han/ho greier å løyse åleine	4,4	4,5	
	I kva grad opplever føresette å vere informert om kva som kan takast opp på konferansetimen/utv.samtalen om sitt barn	4,5	4,6	
	Foreldreundersøkinga – SFO			
	Barnet mitt trivst på SFO	4,3	4,6	
	Personalet på SFO medverkar til eit godt sosialt miljø for barna	4,2	4,6	
	Personalet på SFO medverkar til eit fysisk trygt miljø for barna	4,2	4,5	

	- Føresette opplever eit godt samarbeid med personalet på SFO - Føresette opplever å få tilstrekkeleg med informasjon om SFO-tilbodet - Føresette opplever at tilbodet om leksehjelp i SFO-tida fungerer bra for barnet - Måltidet på SFO er sunt	4,3 4,1 3,4 3,4	4,6 4,0 3,0 3,5	
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektiv målt kvalitet - skule	Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2014	Nasjonalt nivå
	Kartleggingsprøve 2.kl. leseferdigheiter Andel elevar som scorar over bekymringsgrensa Å lese og forstå	81,0	83,9	
	Kartleggingsprøve 2.klasse rekneferdigheiter Andel elevar som scorar over bekymringsgrensa	80,0	80,3	
	Andel elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast.			
	Nasjonale prøver, lesing 5.klasse	76,8	65,8	
	Nasjonale prøver, rekning 5.klasse	75,4	57,9	
	Andel elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast.	Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2014	Nasjonalt nivå
	- Nasjonale prøver, lesing 8.klasse - Nasjonale prøver, rekning 8.klasse - Spesialundervisning, andel elevar	73,4 68,0 8,0	68,4 69,7 12,0	
	Grunnskulepoeng	40,4	38,9	
	- Standpunktarakterar - Norsk hovudmål, skriftleg - Norsk sidemål, skriftleg - Engelsk, skriftleg - Matematikk, skriftleg	3,8 3,8 4,0 3,5	3,8 3,8 3,8 3,1	
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver: Tresfjord Oppvekstsenter: Eigenmeldt og legemeldt		Under k-snitt	Under k-snitt
	Helland skule: Eigenmeldt Legemeldt		0,8 5,3	Under k-snitt Under k-snitt
	Tomrefjord skule: Eigenmeldt Legemeldt		1,0 5,8	Under k-snitt Under k-snitt
	Fiksdal Oppvekstsenter Eigenmeldt og legemeldt		Under k-snitt	Under k-snitt

Økonomi	Omfang av overtid (i tusen kr)			
	• Helland skule		3	-----
	• Tomrefjord skule		34	-----
	• Tresfjord oppvekstsenter		1	-----
	• Fiksdal Oppvekstsenter		0	-----
	Økonomisk resultat (i forhold til tildelt budsjett) %			
	• Helland skule		97,0	100
	• Tomrefjord skule		102,2	100
	• Tresfjord Oppvekstsenter		108,6	100
	• Fiksdal Oppvekstsenter		99,6	100

4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

I grunnskulane i Vestnes er utviklingstrekk noko vi må sjå på over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå KOSTRA, GSI, Skoleporten, VOKAL, m.m.

For 2014 ser status slik ut:

- Andel elevar som har spesialpedagogisk vedtak. 2012 = 12,5 % i 2013 = 11,7 % og i 2014 = 12 %. Fordelinga viser at der er mange elevar som har få timar spesialundervisning. Ressursane i grunnskulen må i større grad styrke det ordinære opplæringstilbodet om vi skal lukkast i arbeidet med å få redusert andel elevar med spes.ped.vedtak.
Tiltak: Resultatet viser at vi ikkje har oppnådd nedgang i andel elevar med spesialundervisning. Inneverande skuleår har vi fått sterkare fokus på å få fleire elevar over frå spesialundervisning til tilpassa opplæring jf. *Plan for kvalitetsutviklinga i grunnopplæringa i Vestnes kommune 2015-2018*. Det er ei klar forventning om at andel elevar skal reduserast frå skuleåret 2015/2016.
- Elevundersøkinga viser høg trivsel blant elevane og lite mobbing.
- Foreldreundersøkinga skal gi ei vurdering av elevane sitt læringsmiljø og samarbeidet mellom heim og skule/SFO, der resultatet frå 2014 viser at vi ligg over landsgjennomsnittet. Undersøkinga vil frå no av bli gjennomført anna kvart år for å følgje same intervall som brukarundersøkinga elles i kommunen.
- Faglege resultat på nasjonal prøve 5.klasse litt under nasjonalt nivå i lesing og rekning. 8.klasse under nasjonalt nivå i lesing og over nasjonalt nivå i rekning.
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning, faggrupper i basisfaga og fornying av læremiddel.
- Standpunktkarakter: små endringar, der vi ligg litt under eller lik gjennomsnittet for landet. Resultatet i matematikk er låg, eit resultat som og gjer seg gjeldande på nasjonalt nivå.
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning, faggrupper i basisfaga og fornying av læremiddel.
- Lågt sjukefråver

Utfordringane som grunnskulane har og vil møte framover:

- Økonomisk stram ramme
- Oppretthalde/forbetre læringskvaliteten i skulen
- Redusere andel elevar med spesialpedagogiske vedtak
- Auke i andel framandspråklege elevar

Utvikling i elevtal 2007 – 2014

	Skuleår							
	07 - 08	08 - 09	09 - 10	10 - 11	11 - 12	12 - 13	13 - 14	14 - 15
Fiksdal	54	44	52	49	42	38	49	48
Tomrefjord	306	279	272	268	260	264	241	243
Helland	365	381	364	367	368	405	390	398
Tresfjord	141	132	119	119	104	48	41	37
Sum	866	836	807	803	774	755	721	726

- Elevtalet i dei kommunale skulane har gått ned i heile perioden, med til saman 140 elevar eller over 16 %.
- Helland skule har elevar frå asylmottaket.
- Ei auke i antal grunnskuleelevar grunna arbeidsinnvandring.

4.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

Målet har vore å kunne oppretthalde og helst forbetre læringskvaliteten i skulen: Verkemiddel vi har valt å arbeide med for å realisere målet er:

Felles satsingsområde for å styrke **læringskvaliteten** i skulen:

- Tidleg innsats og tilpassa opplæring med fokus på å styrke den ordinære opplæring.
- STL (skrive seg til lesing). Tekstskaping på datamaskin. Innført i 1.klasse haust 2013 og vidareført til 2.klasse 2014.
- SOL, systematisk observasjon av lesing. Vidareføring.
- VOKAL, ein portal for registrering av resultat frå alle kartleggingsprøver, nasjonale prøver og symjing.
- Læringsplattforma Pedit, vurdering undervegs.
- Prosjekt i samarbeid med Rauma kommune: *"Spenningsfeltet mellom den ordinære opplæringa og det spesialpedagogiske tilbodet"*, implementeringsarbeid.
- PPT tettare på med rettleiingsarbeidet i skulen.
- Vidareutdanning av undervisningspersonalet. Inneverande år er det tre lærarar som tek slik vidareutdanning innan fagfeltet matematikk.

Felles satsingsområde for å styrke **det psykososiale miljøet** i skulen:

- Manifest mot mobbing, markering på alle skulane.
- Vestnes har vore **MOT kommune** sidan 2005. Evalueringa viser at skular med MOT over tid reduserer mobbing, trakassering, narkotikamisbruk og alkoholbruk i ung alder.
- **Trivselsprogrammet**. Dette er eit program som er utvikla av firmaet Trivselsleder AS. Elevar i 4. - 10. klasse blir nominert og valde av medelevane til å vere trivselsleiarar. Trivselsleiarane har deltatt på leikekurs, og deretter har dei fått ansvar for å legge til rette for aktivitetar i friminutta.

4.5 Tiltak for å fremme folkehelse

- Det helsefremmande arbeidet er forankra i skulen sine planar. t.d. aktivitets- og trivselsplanar
- Haldningsskapande klassemiljøprogram: *Det er mitt val*, Trivselsleiarordninga, MOT
- Fagleg kompetanseheving av lærarane
- Samarbeid heim – skule
- Samarbeid med andre instansar som t.d. PPT, barnevern og skulehelsetenesta
- Sjå resultat over tid, arbeide systematisk og langsiktig
- Tema: gi elevane kunnskap og rettleiing på korleis god ernæring og dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppsøving og mat og helse i skulen
- Tema på foreldremøte, rådsorgana og personalmøte
- Sunn mat og uteaktivitet på SFO

4.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA tal		Møre og	Landet				
- skule, SFO m.m.	Vestnes	Romsdal	eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	11 938	12 868	12 467	13 400	12 854	10 332	14 213
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år *	103 465	103 247	100 843	114 937	101 232	89 606	107 168
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	4 765	3 799	4 009	3 156	2 982	4 098	1 985
Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år	3 477	2 207	2 044	4 136	1 616	1 174	3 796
Elevar pr komm skule	182	171	213	139	116	233	154
Gjennomsnittleg gruppestørrelse	12,7	13,2	13,6	12,0	11,8	14,9	13,8
Andel elevar som får spes undervisn	11,8	8,7	8,1	7,2	10,7	9,0	7,4
Andel timar spes. underv. av total timar	18,9	17,9	17,4	14,3	18,3	19,2	11,7
Gj. Snitt grunnskulepoeng	38,9	40,4	40,3	41,9	40,0	39,9	38,9

- Netto utgifter pr. elev auka berre med 1,2 % i 2014, det er mindre enn landssnittet som var 2,2 %.
- Auken pr. elev ligg om lag som snittet i Møre og Romsdal, og litt over landsgjennomsnitt.
- Vi bruker over snittet på SFO.
- Vi har også godt over snittet i utgifter til skyss pr. elev.
- Gruppestørrelsen er noko mindre enn snittet i fylket og landet.
- Andel elevar som har spesialundervisning ligg høgt over gjennomsnittet i fylket og landet, også over våre nabokommunar.
- Andel timar spesialundervisning av total undervisningstimar er ikkje mykje over snittet, viser til nærare kommentar pkt. 4.3.
- Gjennomsnittleg grunnskulepoeng for dei som går ut av grunnskulen ligg under snittet, sjå også her pkt. 4.3.

Utvikling 2009 – 2014

KOSTRA tal - skule, SFO m.m. - utvikling siste 5 år	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Endring i % 09 - 14
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	10 941	11 497	11 445	11 496	11 823	11 938	9,1
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	86 148	90 417	92 507	95 696	102 235	103 465	20,1
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	4 651	4 765	5 020	5 319	4 305	4 765	2,5
Elevar pr kommunale skule	202	201	194	189	180	182	-9,9
Gj snitt gruppest. 1 - 4 årssteg	12,9	13,5	14,1	12,5	12,7	12,7	-1,6
Andel elevar som får spesialunderv.	11,1	9,7	11,7	11,9	11,7	11,8	6,3

- Utgiftene pr. elev har auka med 20 % , tilsvarer omlag løns/prisauke i perioden.
- Redusert elevtal pr. skule har samanheng med reduksjon i det totale elevtalet.
- Spesialundervisning har halde seg høgt i heile perioden, sjå pkt. 4.2 og 4.3.

Andre nøkkeltal

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Endring
Elevtal ved dei kommunale skulane pr. 01.10	866	836	813	803	774	755	721	726	-16,2
Elevtal ved Vike Friskule pr. 01.10	40	41	41	40	47	54	49	60	50,0
Antal lærarar i dei kommunale skulane	104	99	94	95	91	82	81	85	-18,3
Årsverk lærarar	86	83	77,5	78,2	74,5	72,4	70,6	69,9	-18,7
Årsverk skuleassistentar	12,5	10	9	10,4	11,5	12,5	12,9	14	12,0
Tal på kontaktlærarar	71	64	58	49	51	46	50	51	-28,2
Tal på barn i SFO	151	148	144	137	144	159	164	161	6,6
Heil plass i SFO	63	58	41	35	50	51	37	46	-27,0
Årsverk i SFO	7,3	7,3	7,1	6,3	6,8	6,9	7,4	7	-4,1

- Elevtalet har gått ned kvart år, med unntak av siste året. Nedgangen i perioden er vel 16 %, sjå kommentar pkt. 4,3.
- Nedgangen er noko mindre siste åra enn tidlegare rekna med, dette grunna innvandring.
- Det er elles interessant å merke seg at ant. lærarårsverk er redusert med knapt 19 %, dvs. meir enn tilsvarande reduksjon i elevar.
Det viser at vi har greidd å ta reduksjon i drifta i takt med nedgangen i elevtalet.

4.7 Økonomisk resultat 2014

Driftseining	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014			Budsjett 2014	Avvik 2014	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Fiksdal skule	5 450	6 343	665	5 678	5 763	-85	-1,5
Tomrefjord skule	22 763	26 735	4 471	22 264	21 538	726	3,4
Helland skule	30 194	37 515	6 340	31 175	31 497	-322	-1,0
Tresfjord skule	6 370	6 503	687	5 816	5 737	79	1,4
Fellesutg undervisning	6 963	8 023	1 836	6 187	6 946	-759	-10,9
Sum grunnskule	71 740	85 119	13 999	71 120	71 481	-361	-0,5

- Grunnskulane inkl. fellesutgifter har eit mindreforbruk på knapt 0,4 mill. kr. Dette er eit svært positivt resultat. Siste åra har det vore meirforbruk på mellom 1,0 og 4,2 mill. kr.
- Tomrefjord skule har meirforbruk. Det har skulen hatt siste åra, i 2014 er det halvert i forhold til 2013. Det vert arbeidd med tiltak for å legge drifta på eit nivå slik at ein held seg innanfor budsjettramma, men vi har ikkje greidd å nå helt fram enno.
- Resten av skulane har ikkje store avvik, det er positivt at 2 skular har mindreforbruk.
- Fellesutgiftene er redusert i forhold til 2013. Det er spesielt kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar som er redusert, også skyssutgiftene er noko redusert.

Utvikling 2009 - 2014

Driftseining	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Endring 2009 - 2014	
							sum	i %
Fiksdal	4 500	4 579	4 534	4 852	5 450	5 678	1 178	26,2
Tomrefjord	21 196	20 970	21 531	22 566	22 763	22 264	1 068	5,0
Helland	25 334	25 287	26 351	28 873	30 194	31 175	5 841	23,1
Tresfjord	12 121	11 835	11 953	9 309	6 370	5 816	-6 305	-52,0
Fellesutgifter	4 004	5 206	5 291	5 492	6 963	6 187	2 183	54,5
SUM	67 155	67 877	69 660	71 092	71 740	71 120	3 965	5,9

- Samla er utgiftene auka med 4,0 mill. kr i perioden, eller 5,9 %. Dette er langt mindre enn løns- og prisauke i perioden, årsak til dette er nok nedgang i barnetal og dermed også ant. undervisningspersonale.
- Fellesutgiftene har auka mykje, sjølv om dei gjekk noko ned i 2014. Det er spesielt skyssutgifter som har auka frå 1,7 mill. kr i 2009 til 2,6 mill. kr i 2014, eller 49 %, og kjøp av undervisningstenester til fosterheimsbarn plassert i andre kommunar som auka frå 1,3 til 2,9 mill. kr, 123 %.
- Ser vi Helland og Tresfjord ilag så er det ein nedgang i utgiftene. Har m.a. samanheng med innsparing ein fekk når ein samla ungdomsskuleelevane ved desse to skulane.

Elevkostnad

	Vår 2014	Haust 2014	Snitt	Kostnad pr. elev	
				2013	2014
Fiksdal	49	48	48,6	127 984	116 831
Tomrefjord	241	243	241,8	89 471	92 076
Helland	390	398	393,3	75 722	79 265
Tresfjord	41	37	39,3	141 294	147 989
	721	726	723,1	87 438	89 798

- Elevkostnaden pr. skule har auka med 2,7 % frå 2013 til 2014, det er noko mindre enn løns- og prisauken. (her er ikkje skyssutgifter og andre fellesutgifter med)
- Det er lågare elevkostnad dess større skulen er.
- Kostnaden ved Fiksdal skule gjekk ned, dette grunna at elevtalet i 2014 var høgare enn i 2013.
- Husleiga ved Tresfjord skule er langt høgare enn ved Fiksdal skule (grunna ny og stor skule). Korrigert for dette så er elevkostnaden ved Tresfjord skule knapt kr 18.000,- høgare enn ved Fiksdal skule.

KAP 5 BARNE-OG UNGDOMS- TENESTENE

5.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenesteområde inngår i eininga:

Barneverntenesta, Helsestasjonen, PPT, Omsorgstenester for barn og unge.

Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta inngår også, men vert omhandla i eige kapittel.

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2013	Årsverk 2014	Ev. merknad
Adm. Leiing	1,0	1,0	Driftsleiar for Barne- og ungdomstenestene; Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta
Barneverntenesta	6,5	6,6	Inkl. 1,8 statlege stillingar tildelt gjennom Styrka barnevern
Helsestasjonen	4,5	4,9	Styrking av asyl- og flyktninghelsetenesta grunna busetting og familiegjenforeining
Omsorgstenester for barn	2,2	2,2	Fagansvarleg, turnuspersonale avl.bustad, førebyggjande rusarbeid i grunnskulane - MOT
PP-tenesta	4,2	4,0 (5,0)	100% psykolog i PPT har permisjon og arbeider i prosjektstilling som kommunepsykolog frå 01.08.2014
Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder	1,5	1,5	Spesialpedagog/ logoped
Sal av tenester	0,5	0,5	Logopedtenester til grunnskulen
Prosjektstilling		1,0	Psykolog i kommunale helse- og omsorgstenester

5.2 Resultatmål 2015

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2014-2015	Resultat 2014	Mål 2015
Teknologi/IKT	Samla driftseining: Dei fagansvarlege brukar ePhorte aktivt som saksbehandlingssystem.	Alle innan des. 2014	50%	80%
	Hjelpetenestene har tilgang til fagsystema på skulane, gjeld HSPro, HK Oppvekst og Familia		30%	100%
	Barneverntenesta: Ha lagt til scannar-funksjon i fagsystemet	2014	0%	100%
	Helsestasjonen: Har installert og fått opplæring i ny versjon av HSpro. Vere på Helsenett med elektronisk samhandling med Barneavdelinga, Ålesund sjukehus. Vere på Helsenett med andre aktuelle avdelingar Elektronisk refusjon for svangerskapskontroll	Juli 2014 Des 2014 2015 Juli 2014	Gjennomført	
	PPT: 100% oppdaterte opplysningar i fagsystemet om rett/ ikkje rett til spesialundervisning.	2014	80%	100%

	PPT: Andel sakkunnige vurderingar knytt til rett til spesialundervisning som konkluderer med at eleven får tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga	20%	11%	20%
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver: Eigenmeldt Legemeldt Samla sjukefråver 2013 Andel av personalet som har kjennskap til og erfaring i bruk av refleksjonsmodellen i kombinasjon med LØFT-metodikken Spisse kompetansen gjennom å tildele fokusområde for kvar tilsett i samsvar med eige fagutviklingsønske Utvikle ein tverrfagleg tiltaksbank for førebyggjande arbeid i familiar, - tidleg intervensjon med spesielt fokus på den psyko-sosiale folkehelsa	6,1 75% Oppstart	0,7 3,3 4,1 75% 25%	4,1 100% 75% 1-2 tverrfagleg tiltak
Økonomi	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	156 100	382 106	191 100

5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Barne- og ungdomstenestene yter tverrfagleg konsultasjon til personalet i barnehage og skule i tillegg til samordna tenester til foreldra og familiar. Dei tverrfaglege teama har kompetanse på prioriterte tema og er ein ressurs i høve implementeringsarbeid
- Utvida samarbeid på tvers er høgt prioritert som vidareutvikling av dei tverrfaglege teama i Barne- og ungdomstenestene. Ein har inngått forpliktande samarbeid mellom nav, heimetenestene v/ psykiatriske sjukepleiarar, bu- og habiliteringstenestene og BUP med tanke på faste rutinar for utvida samarbeid på tvers av driftseiningane.
- Utfordringar ved overgang til vaksenlivet er òg tema i samarbeidsgruppa nemnd i punktet ovanfor. Det er store utfordringar i høve overgangen når det gjeld tenester med heimel i Helse- og omsorgstenestelova. Koordinerande eining er lagt til tenestekontoret. Kontoret har dermed overordna ansvar for arbeid med individuell plan og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorar. Kan ein løyse utfordringane rundt overgangen til vaksenlivet gjennom eit felles tenestekontor som har ansvar saksbehandling til alle søkjarar/ brukarar uavhengig av alder?

PPT:

- PPT skal vere tilgjengeleg og bidra til heilskap og samanheng, skal arbeide førebyggjande og vere tett på, skal bidra til tidleg innsats i barnehage og skule og vere ein fagleg kompetent teneste
- PPT har framleis høg tidsbruk på sakkunnige vurderingar, men tidsbruken er no meir knytt til prosessprega drøftingar med skular og barnehagar undervegs i arbeidet og i samsvar med utviklingsplanen for oppvekstsektoren

- PPT er i tett dialog med skular og barnehagar m.a. for å hjelpe dei med å gi fleire barn forsvarleg utbytte av den ordinære opplæringa og betre tilrettelegging av spesialundervisning til dei som har rett til det. Vere med å sikre tydeleg samanheng mellom tilråding i sakkunnig uttale, vedtak og IOP/ evaluering.

Helsestasjonen:

- Vestnes kommune har stor andel framandspråklege blant fødande. Av 67 nyfødde i 2014 hadde 32 barn foreldre med utanlandsk bakgrunn (ein eller begge). Dette utgjør 48% av dei nyfødde, så ein tenkjer dette vil prege heile oppvekstsektoren i åra framover då arbeidet med utanlandske familiar er utfordrande både fagleg, språkleg og tidsmessig. Pålagt bruk av tolketeneste krev ekstra tidsressurs til kvar konsultasjon i tillegg til kostnadane.
- Det er ei stor utfordring å makte kravet om tett oppfølging av dei fødande som kjem heim frå sjukehuset etter 2 dagar. Det er viktig for å sikre god ammestart, og det er sett opp som eit av resultatmåla for 2015 at «Jordmor heim» skal vere i drift frå etter sommaren.
- Helsesøsterressursen er for liten i skulehelsetenesta. Mange elevar og foreldre etterspør tiltak og hjelp, så ressursen må aukast. Statlege føringar er at helsesøsterressursen i skulehelsetenesta skal aukast, og økonomiske ressursar er lagt inn i rammetilskotet for å bidra til gjennomføring i kommunane. Ein øyremerka helsesøsterressurs bør setjast av til dette føremålet slik at tenesta skal bli forsvarleg.

Barneverntenesta:

- Staten byggjer ned tiltak og tenester. Kommunane blir pålagt stadig nye oppgåver, men manglar kompetanse og erfaring.
- Aukande omfang av saker med utgangspunkt i vald i nære relasjonar. Barneverntenesta har over tid arbeidd systematisk mot skular og barnehagar for å få melding inn tidlegare og med det unngå tunge tiltak som t.d. omsorgsovertaking. Fleire barn får hjelp tidleg, og foreldre får råd og rettleiing om foreldrerolla.
- Barneverntenesta ser utfordring med å ikkje vere knytt til barnevernsvakt på kveld og helg. Vestnes kommune må vurdere å vere med i interkommunal ordning.

Omsorgstenester for barn:

- Saksbehandling bør skje i nær tilknytning til tildelingskontoret. Ein bør sjå på ei løysing der ein kan samordne ressursane slik ein sikrar likebehandling i høve saksbehandling og vurderingar uansett kva alder det er på søkjaren/ brukaren.
- Overgangen ved 18 år er ei stadig utfordring. Ved felles tildelingskontor for helse- og omsorgstenester ville ein ha større muligheit til å få denne overgangen forsvarleg.

5.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

- Prosedyreakt for henvisning til BUP signert av 3 partar i juni 2014 etter prosessjobbing gjennom 2014-2015: Kommuneoverlege, Barne- og ungdomstenestene og HelseMidt v/ BUP Nordmøre og Romsdal
- Oppstart skulering fellestema i team: Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Barne- og ungdomstenestene har gjennomført foreldrerettleiingsprogrammet «Foreldre i Norge» i samarbeid med Vestnes mottak, krisesenter/ politi, barnehage og skule. Alle busette flyktningar deltok. Programmet er utvikla av UDI og vart gjennomført med oppmøtetolk som Vestnes mottak dekkja utgiftene til.

- Fått på plass kommunepsykolog med tilskot frå Helsedirektoratet

PPT:

- Alle elevar, føresette og skulen får tilbakemelding etter utgreiing og høve til drøfting av tiltak før endeleg konklusjon i sakkunnig uttale

Helsestasjonen:

- Helsesøstre, jordmor, helsesekretærer, fysioterapeut og 2 legar har fått opplæring i ny versjon av Hspro
- Helsestasjonen har elektronisk samhandling med aktuelle avdelingar ved Ålesund sjukehus via Helsenet.
- Elektronisk refusjon for svangerskapskontrollane er i drift
- Lettliva – tiltak for barn i 3. klasse med overvekt/fedme - vart ført vidare gjennom eit fellesprosjekt mellom skulehelseteneste og frisklivssentral Vestnes og Rauma kommune

Barneverntenesta:

- Barneverntenesta har makta å prioritere tverrfagleg teamarbeid og førebyggjande rutinearbeid på tross av høg saksmengde
- Barneverntenesta har søkt og mottatt kompetanseutviklingsmidlar i 2014 og har igangsett skulering innan foreldrerettleiing i lag med barneverntenesta i Rauma.

5.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Kompetanseheving og utvikling av rutinar innanfor temaet Vald i nære relasjonar/ arbeid med Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Bruke refleksjonsmodellen fast i møte med barn, ungdomar og foreldre/ familiar
- Førebyggjande arbeid i familiar gjennom familierettleiing
- Hjelpe skular og barnehagar med å utvikle eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring
- Oppretta tilbod om aktivitetsgruppe, matkurs og helsesamtalar (med tiltakspermar) i regi av overvektsprosjektet Vestnes-Rauma

Tilsette:

- Arbeidsmiljøtema i kvart felles personalmøte
- Medarbeidarsamtalar
- Velferdskomitè med ulike tiltak m.a. hemmeleg venn, bursdagshelsing, velferdsturar

5.6 KOSTRA-tal på området

	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
<u>Barnevern</u>							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	2 244	1 692	1 762	1191	1 529	1915	2 157
Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år	10 941	7 690	7 979	5 673	6 849	9 120	9 349
Nto driftsutgifter pr barn i barnevernet	119 484		109 744	77 104	103 289	141 980	137 078
Andel nto driftsutg til saksbehandling	31,3	33,3	31,5	39,0	34,4	20,8	27,3
Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsv	18,5		16,4	18,9		17,3	17,1
Andel barn med barnev tiltak pr innb 0-17 år	6,9		4,7	5,9	4,1	4,4	4,4
Andel undersøkelse som fører til tiltak	55,3		44,3	51,7	40,0	41,5	37,5
Stillinger m/fagutdanning pr 1000 barn 0-17	4,2	3,7	4,0	3,7		3,6	3,5
Andel undersøkelser m/beh tid over 3 mnd	13,0	28,0	22,0	14,0	20,0	34,0	15,0
<u>Helsestasjon</u>							
Nto. driftsutg. Helsestasjon- og skulehelset. pr. innb. 0 - 20 år	2 253	2 142	2 053	2 315	1 774	2 380	1 910
Andel nyfødte med heimebesøk innan 14 dag	102	90	86	103	108	92	
Andel fullført 4 - års kontroll	89	94	98	76	104	88	
Andel fullført undersøkelse i løpet av 1. klasse	87	98	97	111	101	98	

- Vestnes kommune har høge kostnader til barnevern, godt over snittet og høgere enn nabokommunane. Ei av årsakene er at kommunen har omsorgsansvar for mange barn, over landsgjennomsnitt. Pr. 31.12.14 var 30 barn plassert i fosterheim eller i institusjon.
- Også kostnaden pr. barn som er i barnevernet, er høgere enn snittet av same årsak.
- Det er fleire barn i aldersgruppa 0 – 17 år som har tiltak enn snittet, dette har nok også samanheng med at kostnaden til barnevern er høg.
- Ein forholdsvis stor andel av dei undersøkingane ein gjer fører til tiltak.
- Vi bruker om lag som snittet til saksbehandling, og vi har god dekning med fagutdanna personale. Behandlingstid på over 3 månader er forholdsvis låg.
- Vestnes kommune vil søkje om ekstra skjønsmidlar frå Fylkesmannen i 2015 med grunngjeving i at kommunen har ekstra store utgifter til barnevern samanlikna med andre kommunar i fylket.

Utvikling 2009 - 2014

Nokre KOSTRA tal						
- Barnevern	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 616	1 549	1 670	1 808	2 108	2 244
Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år	7 146	6 925	7 653	8 480	10 110	10 941
Nto driftsutgifter pr barn i barnevernet	104 079	117 163	113 760	103 293	117 160	119 484
Andel nto. driftsutg til saksbehandling	26,6	30,2	28,8	33,2	33,0	31,3
Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsv	26,6	17,2	19,2	20,0	17,2	18,5
Andel barn med barnev tiltak pr innb 0-17 år	5,8	4,8	5,1	6,4	6,8	6,9
Andel undersøkelse som fører til tiltak	67,9	56,7	66,7	67,2	60,0	55,3
Stillinger m/fagutdanning pr 1000 barn 0-17	2,6	2,6	2,8	3,4	3,9	4,2
Andel undersøkelser m/beh tid over 3 mnd	35,7	46,7	27,5	25,0	20,0	13,0

- Kostnaden pr barn varierer ein del frå år til år, alt etter kva tilbod dei har. Perioden 2009 – 2014 er nok auken om lag som løns- og prisauken i perioden.
- Andelen barn i aldersgruppa 0 – 17 år som har barneverstiltak har auka noko, medan andelen av undersøkingar som fører til tiltak er redusert.
- Det har vore auke i bemanning innan barnevernet siste åra. Dette har samanheng med at Vestnes kommune har fått 1,8 saksbehandlarstilling ekstra som ledd i statleg styrking av barnevernet i 2012/-13/-14.
- Andelen undersøkingar med behandlingstid på over 3 månader er kraftig redusert.

5.7 Økonomisk resultat 2014

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
PPT	2 820	4 747	1 917	2 830	2 964	-134	-4,5
Div. prosjekt		1 625	1 625	0	0		
Helsestasjon	2 535	2 731	48	2 683	2 504	179	7,1
Jordmorteneste	264	365	99	266	277	-11	-4,0
Barnevern	13 463	15 529	1 622	13 907	12 430	1 477	11,9
Tilsyn barnevern		116	0	116	0	116	
Omsorgstenester barn/ungdom	2 304	2 437	178	2 259	2 596	-337	-13,0
Komm tenester Vestnes mottak	40	1 905	426	1 479	1 420	59	4,2
	21 426	29 455	5 915	23 540	22 191	1 349	6,1

- Driftseininga hadde eit meirforbruk på vel 1,3 mill. kr, eller 6,1 %.
- Det er i hovudsak barnevern som har meirforbruk, knapt 1,5 mill. kr. Også i 2012 og 2013 var det stort meirforbruk på barnevern. Budsjettet her er nok ikkje realistisk og tilpassa dei faktiske forhold.
- Helsestasjonen sitt meirforbruk skuldast installering og opplæring i ny versjon av Hspro samt høge utgifter til tolketeneste
- Elles mindre avvik mellom budsjett og rekneskap, fleire ansvar har også innsparing

Utvikling 2009 - 2014							Endring 2009 - 2014	
Driftseining	2009	2010	2011	2012	2013	2014	kroner	i %
PPT	2 248	2 470	2 755	2 577	2 820	2 830	582	25,9
Helsestasjon	2 499	2 369	2 367	2 470	2 535	2 683	184	7,4
Jordmorteneste	213	196	217	229	264	266	53	24,9
Barnevern	10 469	9 849	10 765	10 970	13 463	13 907	3 438	32,8
Omsorgstenester for barn/ungdom	2 821	2 068	2 491	3 458	2 304	2 259	-562	-19,9

Utgiftene til barnevern har auka mykje i perioden, over 30 %. Det er spesielt dei to siste åra at det har vore stor auke.

Dei største utgiftene i barnevernet (2014) er:

Løn/godtgjersle fosterheimar	4 616
Løn faste stillingar i barnevernet	2 010
Utgifter fosterheimar	1 985
Kjøp av plassar statlege institusjonar	1 127
Juridisk bistand/rettssaker	1 026
Førebyggjande tiltak	755

KAP 6 VAKSENOPPLÆRING OG FLYKTNING-TENESTE

6.1 Oversikt over sektoren

Vaksenopplæringa og flyktingetenesta høyrer organisatorisk til eininga Barne- og ungdomstenestene, Vaksenopplæringa og Flyktingetenesta

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2013	Årsverk 2014	Ev. merknad
Felles driftsleiar Barne- og ungdomstenestene, Vaksenopplæringa, Flyktingetenesta	1,0	1,0	
Vaksenopplæringa	5,1	6,5	Auke grunna intro-program til flyktingar
Flyktingetenesta	1,0	1,0	Styrking helsestasjonen, barnehage og skule

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2014-2015	Resultat 2014	Mål 2015
Teknologi/IKT	Vaksenopplæringa og Flyktingetenesta: Bli trygg på og implementere fagsystemet Visma voksenopplæring og flykting i alt arbeid oppi mot deltakarar i norskopplæring og introduksjonsprogram. Alle arkivverdige dokument ligg i saksmapper i ephorte Vaksenopplæringa: Deltakarar med rett og plikt (RP) som er busett i Vestnes er kompetente IKT-brukarar i samsvar med læreplanen Skulen har nødvendig datautstyr tilgjengeleg	100% 80% 80%	80% 65% 80%	Gj.ført 100% 80% 100%
Brukarar - "opplevd kvalitet"	For Vaksenopplæringa og Flyktingetenesta er ingen brukarundersøkingar tilgjengeleg for å måle kvalitet på tenestene. Ein ønskjer å vere tett på dei busette flyktingane slik at dei får hjelp og støtte fort når dei treng det, gi godt tilrettelagte introduksjonsprogram og godt tilrettelagt opplæring elles som deltakarane trivst med			
Teneste "objektiv målt kvalitet"	Vaksenopplæringa: - Innvandrarar som gjennomfører skriftleg norskprøve med resultat A2 eller høgare - Innvandrarar som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgare - Innvandrarar som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap og består		95% 95% 100%	95% 95% 100%

	Flyktingtenesta: Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avslutta (1.busetting des-13, avslutting program jan-juni 2016)	80%	1 har avslutta og er i gang med vgs	60% 2 over i vgs Landsgj.snitt 2013: 47% Regjeringa si målsetting: minst 55%
Økonomi	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) – Flyktingtenesta Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) – Vaksenopplæringa *)		0 -10,3 100	0 100 100

6.2 Resultatmål 2015

*) Mindreforbruket i Vaksenopplæringa, kr 453 000,-, vart sett av på bundne fond i hht regelverket; - dei statlege tilskota er øyremerka, blir tildelt pr capita og skal gjelde over fleire år. For seinare år bør ein setje av evt mindreforbruk i Flyktingtenesta av same årsak.

6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Flyktingtenesta:

- Skaffe mange nok og godt eigna bustader
- Oppnå godt nok innhald i introduksjonsprogrammet slik at ein styrkjer deira deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende
- Få mange over i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram, sjå fastsette resultatmål ovanfor
- Gi god oppfølging til flyktingar i vidaregåande skule slik at dei kan meistre krava/ læringsmåla t.d. i form av leksehjelp på kveldstid

Vaksenopplæringa:

- Arbeidsinnvandrarar som etablerer seg i Vestnes med familie der vaksne ikkje prioriterer å lære seg norsk er ei utfordring for oppvekstmiljøet og for lokalsamfunnet
- Endra behov i organisering av tilboda etter busetting av flyktingar, - i tillegg til norskopplæring kjem:
 - arbeidsretta opplæring inkl organisering og oppfølging av språkpraksis
 - førebuande grunnskuleopplæring (9. kl)
 - organisering og gjennomføring av 10. klasse med eksamensavvikling og/ eller realkompetansevurdering på grunnskulenivå
 - oppmelding til vidaregåande skule
- Nye føringar frå IMDI og BLD i høve registrering av timar gir utfordringar i høve organisering av skuledagen; - arbeide fram nye, gode løysingar
- Utarbeide kompetanseplan der ein tar omsyn til kompetanseoppbygging/ - overføring i samband med stor utskifting i personalet dei næraste åra

6.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

Flyktingtenesta:

- Busett 25 flyktingar i 2013/ 2014 i samsvar med Kommunestyret sitt vedtak
- Alle har starta i introduksjonsprogram
- Ein avslutta program etter eit halvt år og er over i vidaregåande skule
- Gjennomført foreldrerettleiingskurset «Foreldre i Norge» i samarbeid med hjelpetenestene i Barne- og ungdomstenestene, barnehage, skule, krisesenter og Vestnes mottak som betalte for oppmøtetolk
- Mange positive tilbakemeldingar frå lokalsamfunnet og ingen negative
- Godt samarbeid med private utleigarar av hus/ leilegheiter
- Godt samarbeid med offentleg og privat arbeidsliv i høve språkpraksis

Vaksenopplæringa:

- Organisert grunnskuletilbod til alle flyktingar som har behov for det
- Gjennomført lokalt prøver i norsk, skriftleg og munnleg, samt samfunnskunnskapsprøver med god deltaking og gode resultat
- Har gitt tilbod til og tatt i mot deltakarar frå m.a. Rauma og Ørskog i grunnskuleopplæring for vaksne og i samfunnskunnskapskurs, samt prøveavvikling
- Gjennomført norsk kurs for arbeidsinnvandrarar lagt til bedrift
- Første flykting over i vidaregåande skule

6.5 Tiltak for å fremme folkehelse

- Stort fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/ trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet
- Opplæring gjennom kurset «Foreldre i Norge»
- Fokus på handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Tilsette:

- Arbeidsmiljøtema i felles personalmøte i driftseininga
- Velferdskomitè med ulike tiltak gjennom året

6.6 Økonomisk resultat 2014

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Vaksenopplæring	-330	7 009	7 009	0	-163	163	
Flyktingtenese	716	4 642	786	3 856	4 300	-444	-10,3
Sum	386	11 651	7 795	3 856	4 137	-281	-6,8

- Vaksenopplæringa får statlege tilskot for kvar deltakar med rett og plikt og for kvar asylsøkjjar som bur i Vestnes mottak. Tilskota dekkjer heile drifta av vaksenopplæringa i Vestnes kommune
- Tilskota for dei busette flyktingane er høgare enn det budsjettet som Flyktingtenesta disponerer. Busetting har gitt overskot frå år 1 noe som ikkje er vanleg i kommunane, sjå hovuddelen av årsmeldinga

KAP 7 KULTUR OG FRITID

7.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapitlet:

Vestnes Kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, frivilligsentralen og biblioteket.

Teneste	Tal Årsverk 2013	Tal Årsverk 2014	Evt merknader
Kulturskulen	8,25	8,23	Tillegg: 0,20 årsverk – kjøp frå Operaen i Kristiansund. 0,35 årsverk- engasjement badevakt. 0,50 årsverk – prosjekstilling fordelt på ulike lærarar.
Sentraladm.	0,6	0,6	Alment kulturarbeid, friluftsliv, "barn og unge"
Frivilligsentral	1	1	Tillegg: 3 timar pr veke – reinhaldstenester.
Biblioteket	1,5	1,5	

7.2 Resultatmål 2015 – Kultur og fritid

Kultur i sentr.adm	Heimel	Type sak - resultatmål
Kulturtemaplan	Statlege retningslinjer	Gjennomføre ein årleg, tilfredsstillande temaplanrulleringsprosess for adm.sjefen med vedtak i kommunestyret i desember.
Spelemiddelordninga Statleg sikring av friluftsområde	Statlege retningslinjer Årsbudsjett / Øk.plan	Utføre og koordinere ordningane tilfredsstillande. Årleg kommunesaksførebuing mot fylke og stat. Pliktig ajourhald av off. idrettsanleggsregister. Forvaltningsplanlegging, samarbeid med off. etatar, frivillige, friluftsråd og idrettsråd.
Stadnamnlov, kulturvern, bygdebokarbeid, museum Idrettsanlegg, friluftsliv og folkehelse Tilskotsformidling, prosjektoppfølgning Barn, ungdom og førebygging	Lovforvaltning Planoppfølging Årsbudsjett / Øk.plan	Avvikle frivilligmøte rundt om i bygdelaga annakvart år. Utføre og koordinere ei tilfredsstillande saksførebuing for adm.sjefen, også med tanke på årsbudsjett og økonomiplan. Tilfredsstillande planoppfølging.
Barnerepresentant Koordinator for Vestnes ungdomsråd	Statlege og lokale retningslinjer	Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningslinjer.
TV-Aksjonen, kommunekomiteen	TV-Aksjon i oktober	Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/ frivillige.
Tusenårskomiteen / nyttårsmarkering 31/12, ved Sjøgata/Kataholmen.	Ordførar/Brannvesen	Tilfredsstillande førebuing/gjennomføring saman med ordførar, brannvesen og frivillige.
Kulturpris	Fsk - ordførar	Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring.
Næringspris	Fsk- ordførar	Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring.

Vestnes Kulturskule				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi IKT	Felles innkjøp av nytt administrasjonsprogram i Romsdalskommunane.	Haust 2014.	Gj.ført.	Gjere Myra kulturbygg meir brukarvennleg for leigetakarar – nytt bookingsystem.
Brukarundersøking “opplevd kvalitet”	Brukarundersøking -skala 1-6, der 6 er best.		Kvart 2. år.	Å halde oss på same nivå, eller betre.
	Totalscore Kulturskolen (Frå 2013)	5,5		
	I kva grad meiner føresatte at barnet får undervisning tilpassa sitt nivå.	5,5		
	I kva grad meiner føresatte at barnet føler tilhøyrighet til kulturskolen.	5,5		
	I kva grad meiner føresatte at samarbeidet kulturskule / heim fungerer godt.	5,5		
Objektiv kvalitet/	Utvide fagtilboda ved kulturskolen.	Kurstilbod i kunst og skrivekunst.	Gj.før.t	Vidareføre kunstfaget som kurs. Starte kurs i teater.
	Kulturtilbod for eldre. (kulturell spaserstokk)	Utvikle konserttilbod for eldre.	Vi har 3 konsertar i drift.	Vedlikehalde konserttilboda for eldre.
	Verkstader for grunnskolen. (kulturelle skulesekk)	Utvikle verkstader for grunnskolen.	Vi har 3 verkstader i drift.	Produsere ein ny verkstad. Vedlikehalde eksisterande.
	Ny rammeplan “mangfold og fordypning”	Vår 2015.	Arbeidet har starta.	Implementere rammeplanen i kulturskolen.
	Utarbeide lokale læreplaner	Vår 2015.	Arbeidet har starta.	Alle fagtilbod skal ha læreplaner.
	Vidareutvikle UKM som ei mønstring med høg kvalitet og godt omdømme	Satse stort på UKM.	Signert samarbeidsavtale med fylkeskommunen 2015-2018.	Fleire deltakarar og større bredde.
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver	4,1	8,1	Mål: under 5.
	- Eigenmeldt - Legemeldt	0,3 3,7	0,7 6,9	
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	94	109,8	100

Vestnes Folkebibliotek				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Brukarundersøking	For lav deltaking i 2013	Ny undersøking i 2015	Annakvart år	Høgare svarprosent enn 2013 – målbart resultat.
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Utlån pr innbyggjar		3,5	3,7
	Besøk pr innbyggjar		3,7	3,8
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100	105,4	100

Vestnes Frivilligsentral				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Strategi	Utarbeide 3-årig strategi for Vestnes Frivilligsentral.	Haust 2014	Gj.ført	Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2014-2016.
Synleg	Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen.			Vestnes Frivilligsentral er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.
Forankring i frivilligheita	Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheten i Vestnes kommune.			Frivilligsentralen oppsøker frivilligheten aktivt, bidreg som koordinator i større prosjekt og tilbyr rettleiing i organisasjonsarbeid.
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Mål satt i 2014: 1. Utarbeide ein 3-årigstrategi for Vestnes Frivilligsentral	Haust 2014	Gj.ført	Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2014-2016.
	2. Aktivitetane Kulturkafe, Full Rulle, Seniorsurf og gåturar vert vidareført som i dag.	2014	Gj.ført	Evaluer/endre aktivitetane Kulturkafe og Gåturar. Fortsette med Full Rulle og Seniorsurf som før.
	3. Oppstart av Språkkafe for innvandrarakar.	Vår 2014	Gj.ført	Opprettehalde aktiviteten, og utvide den med turar i kommunen og uteaktivitet.
	4. Oppstart av Ungdomskafe, ein møtestad for ungdom.	Haust 2014	Oppstart vart mars 2015	Vidareføre Møteplassen! som eit tilbod ein gong i veka for 7.-10. klasse i Vestnes kommune.
	5. Antal opne temakveldar om aktuelle problemstillingar knytt til frivilligheita i Vestnes.	3 stk i 2014	2 stk i 2014	2 stk i 2015.
	6. Frivilligsentralen arrangerer kurs i styre- og økonomiarbeid for lag og organisasjonar.	1 kurs 2014	2 stk i 2014	1 stk i 2015/2016
	Mål for 2015: 7. Opprette Utstyrssentral			Haust 2015
	8. Invitere lag og organisasjonar til å opprette turkonkurransen StikkUT!, og koordinere arbeidet.			2015
Organisasjon	Det har vore tilsett dagleg leiar i 100% stilling i 2014. Styret har bestått av 8 medlemmar inkludert vara og eigars representant (kommunen). Styret har gjennomført 4 styremøter i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen.			
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100	88,2	100

7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Kultur i sentraladministrasjonen:

- Arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen, er resultatretta og lite byråkratisert. I 2014 er ein framhaldande, minst nøgd med ressursmangelen knytt til slutføring av bygdebokarbeidet "Gard og Slekt."

Vestnes Kulturskule:

Lokala er ikkje tilpassa bruken.

- Stadige utfordringar med lydforhold, lysforhold, temperatur, muggsopp og fukt i kjellaren, gjer at kvart år er meir og meir krevjande for personalet.

Prisnivå

- For familiar med fleire born, blir kulturskulen ein stor utgiftspost. Det er og eit problem at fleire familiar ikkje har råd til ein kulturskuleplass.

UKM

Vi må stadig satse på å utvikle UKM vidare, med større kulturell bredde. Vi har hatt gode mønstringar i Vestnes, men ser at det trengs kontinuerlig arbeid for å oppretthalde mønstringar med høg kvalitet og godt omdømme.

Ny rammeplan

Den nye rammeplanen "mangfold og fordypning" gir oss ein ny organiseringsmodell, og kategoriserer fagtilboda i tre ulike opplæringsprogram, som skal ivareta aktivitet, opplæring og fordypning. Det blir for oss ei spanande utfordring å kunne gje tilbod om god kvalitet innan både grunnprogrammet, kjerneprogrammet og fordjupningsprogrammet.

Vestnes Frivilligsentral:

- Vestnes Frivilligsentral skal vere ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheta i Vestnes kommune. Frivilligsentralen må gjennom samarbeidsprosjekt og tilbod om rettleiing bli meir aktuell og synleg for frivilligheta i kommunen. Ein må arbeide for eit styrka samarbeid mellom kommunen, sentralen og det frivillige arbeidet elles.
- Eventuell kommunesamanslåing vil få konsekvensar for både organiseringa av Frivilligsentralen og truleg for sentralen sine økonomiske rammer. Regjeringa har foreslått å flytte ansvaret for støtte til Frivilligsentralar frå staten til dei nye kommunane. Det vert viktig for sentralen å vise rolla den spelar i lokalsamfunnet når det gjeld å bidra til ein levande frivilligsektor, trivsel og tilknytning i lokalsamfunnet. Frivilligheita er ein sektor som og må bli tatt omsyn til når eventuelt nye kommunestrukturar vert forma.

Vestnes folkebibliotek:

- *Folkebiblioteklovens §1: "Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet.*

Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt."

Biblioteket skal i tilbodet sitt til born og vaksne leggje vekt på kvalitet, mangfold og aktualitet.og eit lavterskeltilbod til innbyggjarar både i og utanfor kommunen.

- Lokala våre er ikkje eigna til bibliotekdrift etter folkebiblioteklova. For å kunne arrangere debattar, forfattarbesøk og anna må vi flytte store, tunge møblar. Vi har ikkje eige pauserom. Biblioteksjefen sitt kontor vert nytta til garderobe, pause – og møterom. Magasinet, som var kompensasjon for areal ein mista då NAV flytta inn i

hovudetasjen, er ikkje eigna som opphaldsrom, så bruken av dette er svært begrensa.

- Kommunereforma og ei eventuell kommunesamanslåing vil truleg ikkje ha nemneverdige konsekvensar for Vestnes folkebibliotek sidan avstanden til næraste bibliotek er relativt stor, men vi vil likevel arbeide for at alle delar av lokalsamfunnet skal sjå viktigheita og tydinga av eit aktivt folkebibliotek.
- Auka arbeidsmengd som følgje av nye arbeidsoppgåver og høgare aktivitet ved biblioteket (sjå tabell under mål 2014) gjer behovet for auka årsverk stadig større.

7.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

Kultur i sentraladministrasjonen

- Arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen har innfridd og oppnådd resultatmåla for 2014 (sjå 2015.) Med avgrensa personalressursar må ein sette tæring etter næring og legge vekt på resultat gjennom samarbeid. I 2014 er ein særst nøgd med frivilligdagen og initiativ innan friluftsliv, der både frivillige og einingar i kultursektoren kan samarbeide. Og så er ein særst godt nøgd med arbeidet som er gjort og oppnådd innan vegnamn, noko som også skuldast godt "rådhusamarbeid."

Kulturskulen

- Kurs i visuell kunst, og det har vore om lag 30 kunstdeltakarar innom.
- Musikkurs, med om lag 20 deltakarar
- Verkstader av god kvalitet ute i grunnskulane både i eigen kommune og i andre kommunar gjennom den kulturelle skulesekken.
- Eigne konsertproduksjonar i regi av den kulturelle spaserstokken
- 40 års jubileumskonsert våren 2014
- Vi har starta arbeidet med å implementere rammeplanen i vår eigen skule
- Vi har starta opp arbeidet med å lage lokale læreplanar

Vestnes Frivilligsentral

Hagen rundt Frivilligsentralen vert ferdigstilt mai 2015 takka vere ein formidabel frivillig innsats med om lag 60 dugnadar og 45 frivillige i 2014, i regi av Gamleskulens venner. Hagen er open for alle.

Vestnes Frivilligsentral har nådd sine resultatmål for 2014 (sjå tabellen). Vi vil trekke fram nokre ting som vi meiner er særleg gode resultat. Styret har utarbeidd ein 3-årig strategi for arbeidet til sentralen, denne gjer arbeidet meir målretta og resultatorientert. Dei langsiktige måla er:

- Vestnes Frivilligsentral er ein møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege
- Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.

I tillegg til faste aktivitetar har det blitt etablert to nye tilbod ved sentralen: Språkkafeen og Møteplassen! for ungdom. Begge tilboda har blitt godt mottatt og har gjort sentralen aktuell for fleire innbyggjarar i Vestnes. 25 nye frivillige er involvert i dette. I september arrangerte Frivilligsentralen på ny Frivilligdagen, som no heiter: Frivilligdagen – fole kjekt i Vestnes! Dette vart gjort i samarbeid med Vestnes kommune, Kulturskulen og Sentrumsforeininga i tillegg til 26 frivillige lag og organisasjonar. Frivilligdagen skal vere eit årleg arrangement for å knytte frivilligheita saman, synleggjere det som skjer og bidra til rekruttering til dei ulike laga og organisasjonane.

Hagen ved Frivilligsentralen



Vestnes kulturskule feira 40 år



Vestnes folkebibliotek

- Vi hadde ein auke i besøkstalet på 13,8% i 2014. Større fokus på å etablere biblioteket som ein møtestad, med arrangement av ulik art, er noko av grunnen til dette.
- Vi arrangerte heklekurs som vart innleia av "strikkekjendisane" Arne og Carlos. Her samarbeidde vi med Vestnes husflidslag.
- Vi samarbeidde med Vestnes pensjonistlag om forfattarbesøk med Svein Sæter på Idahall.
- I samarbeid med Vestnes frivilligsentral arrangerte vi datakurs for seniorar med 12 påmelde.
- Vi arrangerte postkortkveld, fotokurs, forfattarkveld for barn, Prøysen-stund, Sommarles og hadde stand på "Fole kjekt i Vestnes"-arrangementet til Frivilligsentralen
- Frå 1. juni kunne ein låne e-bøker frå biblioteka i Møre og Romsdal.

7.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

Kultur i sentraladministrasjonen

- Innan arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen vil ein særleg nemne eit breitt bygdesamarbeid om promotering og tilrettelegging for friluftsliv.

Kulturskulen

- Det er naturleg å trekke fram dei fysiske tilboda som særskilt helsefremmande. For kulturskulen er dette dans og aktivitetar i bassenget.
- Ved å samanlikne opplysningar om deltaking i kulturelle aktivitetar med helseopplysningar, viser forsking at alle som konsumerer kultur i ei eller anna form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt, og er mindre plagd av angst og

depresjon, samanlikna med folk som ikkje er så opptatt av kultur. Med dette som utgangspunkt må ein kunne sei at all aktivitet som kulturskulen driv med, er helsefremmande.

- Vi har sangstund i fleire eldreinstitusjonar kvar veke.
- Vi sel dirigent-tenester til lokale lag og organisasjonar, som igjen driv viktige helsefremmande aktivitetar (Korps-spelemannslag)

Vestnes frivilligsentral

Det er mykje god folkehelse i ein sterk frivillig sektor. Kultur og frivillighet står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosial lim som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivillighet er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til. Kultur og frivilligheta har ein verdi i seg sjølv, men er også ein døroppnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforskap, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse. Frivilligsentralen har møteplassar for integrering (Språkkafeen), for ungdom (Møteplassen!), for foreldre i permisjon (Full Rulle) og for eldre (Kulturkafeen). I tillegg er gåturane eit tiltak som bidreg til fysisk aktivitet og folkehelse. Mål for 2015 er å opprette Utstyrssentral, det vil bidra til at fleire får tilgang på utstyr til deltaking i fritidsaktivitetar.

Vestnes folkebibliotek

Vi er eit Bok til alle-bibliotek, som vil seie at vi rekrutterer leseombod. Dette er frivillige som les mellom anna på Vestnes sjukeheim og Mariebo. Vi har også eiga hylle med bøker som er særskilt tilrettelagt for dei som av ulike grunnar har vanskar med å tileigne seg tekst.

For asylsøkarane, og også fastbuande, er vi ein møteplass og arena for sosialt fellesskap.

Vi ønskte å etablere ein utstyrssentral, men på grunn av lokalitetane lot ikkje dette seg gjere.

7.6 KOSTRA-tal på området

Nokre KOSTRA tal	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet t.d. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Kultursektoren, samla							
Nto dr. utgift kultur pr. innbyggjar	1 590	1 725	1 998	1 963	1 589	1 944	1 195
Kulturskule							
Nto. Utg. kulturskule, pr innb	652	384	301	505	356	323	304
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	5 647	3 079	2 437	4 332	2 805	2 800	2 295
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	37,6	21,2	14,5	22,6	15,7	17,9	14,9
Kultur (pr. innbyggjar)							
- idrettsbygg	306	334	436	379	108	570	110
- kulturbygg	180	191	199	337	136	342	
- idrett m.m.	46	133	180	132	286	-19	147
- aktivitetstilbud, barn og unge	4	77	167	72	1	73	5
- museer	33	57	61	14		42	148
- andre kulturaktiviteter	154	197	253	269	377	81	199

Kyrkje							
Nto utg. kyrkje pr innbyggjar	502	627	574	717	648	448	560
Medl. i Dnk i % av innbyggjarar	78,7	82,1	76,7	87,2	79,4	80,2	85,1
Medl. i andre trusamfunn							
Døpte i prosent av antall fødte	66,1	79,9	65,5	84,8	97,4	68,4	75,9
Konfirmerte i % av 15-åringar	82,7	82,2	65,4	94,7	89,2	71,7	79,5
Gudstenester pr. 1000 innbyggjar	15,4	14,5	12,8	17,7	17,1	11,3	15,0
Konserter og kult. ar. pr 1000 innb.	1,5	3,0	2,6	1,3	3,9	1,8	2,5
Kirkeofring pr. medlem							
Bibliotek							
Nto. Driftsutgift pr. innbyggjar	215	256	279	200	302	229	182

- Vestnes bruker mindre på kultur enn fylkes og landsgjennomsnitt, også mindre enn nabokommunane.
- Sjølv om kommunen bruker mindre enn snittet betyr ikkje det at kulturaktiviteten i kommunen er lågare enn elles. Kanskje tvert om, men innbyggjarane dekkjer meir av kostnaden kanskje spesielt ved dugnad og eigenbetaling.
- Eit positivt trekk er at kulturskulen vert prioritert, det gjev seg også utslag i at ein større andel av barna i kommunen får tilbod i kulturskulen

KOSTRA tal							
- utvikling siste 7 år	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar	1578	1257	1267	1403	1419	1309	1590
Nto. Utgifter kulturskule, pr. innb	572	408	450	466	539	554	652
Nto. Utgifterbibliotek pr. innbyggjar	167	156	154	162	184	170	215
Nto. Utg kyrkje pr. innbyggjar	517	608	527	489	516	564	502
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	4 253	3 152	3 538	3 768	4 487	4 793	5 647
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	30,5	28,2	27,9	30,3	31,8	33,4	37,6
Bibliotek							
Utlån pr. innbyggjar	3,8	2,9	4	4,4	4,4	3,8	3,4
Besøk pr. innbyggjar	2,4	2,8	3,5	3,5	3,3	3,3	3,7
Totale utlån			26 029	28 495	29 136	24 900	22 828
Totale besøkstal			22 567	22 992	21 906	21 813	24 607

- I 2009 vart ramma til kulturskulen kraftig redusert grunna sparetiltak. Redusert meir enn for dei fleste andre sektorar.
- Siste åra er den auka att.
- Utgiftene til kultur generelt er ikkje auka i perioden.

7.7 Økonomisk resultat 2014

Rekneskapstal

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Kultur	1 889	3 643	1 694	1 949	2 673	-724	-27,1
Kulturskulen	4 244	7 563	2 803	4 760	4 335	425	9,8
Bibliotek	1105	1325	33	1 292	1 226	66	5,4
Frivilligsentral	178	853	373	480	544	-64	-11,8
Kyrkjelege føremål	3 971	4103	486	3 617	4 175	-558	-13,4
Sum	11 387	17 487	5 389	12 098	12 953	-855	-6,6

Kommentar: Kulturskulen sitt overforbruk skuldast i hovudsak inntektssvikt grunna langtidssjukmelding. Biblioteket sitt overforbruk skuldast i hovudsak vikarutgifter.

Utvikling siste 6 år

Driftseining							Endring	
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2 009 - 2014	
							kroner	i %
Kultur	3 209	2 589	2 672	2 649	1 889	1 949	-1 260	-39,3
Kulturskulen	3 964	3 869	3 575	4 281	4 244	4 760	796	20,1
Bibliotek	955	931	992	1 145	1 105	1 292	337	35,3
Frivillighetssentral	307	255	336	342	178	480	173	56,4
Kyrkjelege føremål	3 545	3 541	3 312	3 736	3 971	3 617	72	2,0
	11 980	11 185	10 887	12 153	11 387	12 098	118	1,0

KAP 8 HELSE, OMSORG OG VELFERD

8.1 Oversikt over sektoren

Kapitlet omhandler
einingane Heimetenesene,
Vestnes sjukeheim,
Tresfjord trygdeheim,
Sentralkjøkken,
Hellandtunet,
Legesenter og
NAV kommune.



Foto: Sissel Bruseth

Teneste	Årsverk 2013	Årsverk 2014	Ev. merknad
Heimesjukepleie	32	36	
Rehabilitering, fysioter., ergoter., fotterpsyk., praktisk bistand, heimhjelp, støttekont, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktm, tryggleiksalarm	16	11,3	
Tresfjord trygdeheim	22,5	22,5	inkl. reinhald (byrå)
Sentralkjøkken	7,6	7,6	
Vestnes sjukeheim	43,8	45,7	inkl. driftsleiar, merkantil
Mariebo	12	10,2	
Oppigarden	10,3	10,3	
Ivartun	14,9	14,9	Inkl.driftsleiar,merkantil,reinhald
Vestnes legesenter	7,7	7,7	
NAV kommune (øk.sos.hj, rus, psyk, øk.rådgj, prosjekt)	7,75	7,3	

8.2 Resultatmål 2015 – Helse, omsorg og velferd

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi/IKT	- Innføring av Arbeidslister på CosDoc. - Sj.pl har lært å sende/motta e-meldingar/vidareføring. - Innført elektronisk kurs/ opplæring i medikamenthandtering - Oppgradere informasjon om tenestene på kommunens heimeside	Des 14 Des 14	- -	X X X X
Brukarar “opplevd kvalitet”	Brukarundersøking (partalsår)-skala 1-6, der 6 er best. Vestnes sjukeheim og Hellandtunet (Pårørande) - Grad av tilfredsheit med legetilsyn utfrå behov - Grad av tilfredsheit i høve tilbod i institusjon Heimetenestene: Brukarundersøking - I kva grad tilsette har kjennskap til kva oppgåver dei skal utføre hos brukar - I kva grad brukar får medisin til rett tid. Legetenesta – brukarundersøking – totalresult - Andel som meiner at time/reseptbestilling på sms fungerer godt - Andel som er fornøgde med generell tilgjenge - Andel som er fornøgde med tlf. tilgjenge NAV – eiga brukarundersøking - Eg får den hjelp eg treng frå NAV-kontoret	4,5 4 4,5 4,5 4,6 90% 90% 75% 5,0	4,7 5 5,4 5,8 4,6	4,9 5 5,4 5,8 90 90 90 5,0
Teneste “objektiv kvalitet”	Institusjonane: - Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus: Dekningsgrad institusjon: - Tresfjord trygdeheim - Vestnes sjukeheim - Oppigarden - Ivartun - Mariebo Heimetenestene: Bruk av direkte “ansikt-til-ansikt-tid” (prosjekt 2014) Bruk av FRYD- undersøkelse for å forbedre tenesta- Legetenesta: - Tal på SMS kontakter gj.snitt/dag - Responstid telefon (for 80 % av innringarar) - Hjerte- og karsykdom (antall/1000) - Røyking kvinner (gravide) i %	100% 98% 99% 99% 98% 99% 55% 100 98 10	 93,9 101,8 90,0 79,1 92,6 46 75 99 16	100 95 99 94 85 94 90 98 10
Organisasjon	Andel (%) dagsverk med sjukefråver Hellandtunet: Eigenmeldt: Sjukemeldt:	0,7% 12%	0,7% 15,2%	0,6 13,0

	<u>Sjukeheim/Trygdeheim/sentralkjøkken:</u>			
	Eigenmeldt:	0,9%	1,0%	0,8
	Sjukemeldt:	12%	13,1%	12,0
	<u>Heimetenestene:</u>			
	Eigenmeldt:	0,9%	0,7%	0,6
	Sjukemeldt:	9%	11,6%	10,0
	<u>Legetenesta:</u>			
	Eigenmeldt:	0,5%	0,5%	0,5
	Sjukemeldt:	7,0%	7,0%	5,0
	<u>NAV:</u>			
	Totalt sjukefråver:	6,5%	10,4%	6,5
Økonomi	<u>Omfang av overtid i eininga (i tusen kr)</u>			
	• Heimetenestene	400	749	400
	• Sjukeheim/trygdeheim	580	1 451	580
	• Hellandtunet	350	260	260
	<u>Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)</u>			
	• Heimetenestene	100%	105%	100
	• Sjukeheim/trygdeheim	100%	102%	100
	• Hellandtunet	100%	98%	100
	• NAV	100%	109%	100
	• Helsetenester	100%	107%	100

8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringer

Felles / Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

Tenestetilbodet

- I tråd med nasjonale føringar og kommunen sin visjonar har vi i større grad satsa på korttids plassar inne på institusjon. Dette gir stor utskifting av pasientar.
- Auka grad gjeld tilbod om avlastning/ rulleringsopphald. Avlastar pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon , og kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Vidareutvikle dagtilbod. Skape meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Vil også vere del av avlastningstilbod for pårørande.
- Vi ser at vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Resurskrevjande brukara.
- Vi opplever også at det er eit aukande behov for oppfølging av yngre brukarar.
- Pasientgrupper som tidlegare ikkje har vore i vår teneste.
- Ofte har dei som no kjem frå sjukehuset behov for direkte behandling i heimen/ eller på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Etterspørsel etter psykiatritenestene er aukande .
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov / Omsorgsplan 2020
- Korleis skal institusjonsdrifta i kommunen vere i framtida? Store avdelingar kontra mindre bueiningar. / Omsorgsplan 2020
- Auke tidsbruken i direkte brukar retta tid . Logostikkbehov i heimetenesta . Utvikle metodikk og verktøy. Interkommunalt prosjekt.

Norsk helsenett

- Kommunikasjon mellom legar, institusjon, sjukehus osv skal føregå via elektroniske meldingar. Dette fordrar tid / ressursar til opplæring generelt, og kvalitetsikring spesielt. Det krev også oppbygging av gode og eksakte rutinar og prosedyrar.
- Risikovurdering viser at vi må ha personar på systemovervåking, samt i bakvaktsfunksjon i høve kontinuerleg meldingsoverføring.
- Dette krev god sakshandsaming i botn.
- Tenestene har no behov for mobilt journalsystem / nettbrett. Dette vil korte ned innetid for heimetenestene. Gi meir direkte bruker-retta tid.

Konsekvensar av vidare implementering av samhandlingsreforma

- Krav til auka IT kompetanse til den einskilde arbeidstakar.
- Fortsatt diskusjon omkring spesialistrehabilitering (HF) og kommunalrehabilitering.
- Innføring av øyeblikkeleg hjelp døgntilbod / interkommunal legevaktsamarbeid.
- Psykiatri/rus – stadig auka krav til kommunane.
- Opplæringsbehov samhandlingsavtale / i regi av ROR nettverksgruppe og HF.
- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.

Kompetanse

- Strategisk kompetanseplan - viktig å sette standard for kva utdanningar kommunen vil ha, og kva kommunen gir støtte til.
- Kompetansebehov aukar, og dette gir bakvaktsbehov då avdelingar manglar spesielt høgskuleutdanna.
- Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse / høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers , evt team for heile kommunen , samt interkommunalt samarbeid .
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, og få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil redusere talet på deltidstillingar

Rekruttering

- Eigne rekrutteringstiltak, eks løn, arbeidstidsordningar
- I periodar nytte vikarbyrå for å sikre fagkompetanse og forsvarleg drift. Vestnes kommune har inngått rammeavtale i lag med fleire Sunnmørskommunar, om bruk av vikarbyrå.

Velferdsteknologi

- bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser
- bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed utsette tidspunktet dei elles ville måtte flytte på institusjon
- tryggleiksalarmar og ulike andre ordningar / alarmsystem
- Sjå eigne behov opp mot tekniske moglegheiter og løysingar (prosjektarbeid)

Sentralkjøkkenet

har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten inneheld (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014). Databasert program. Ikkje på plass. Er teke opp som sak i IKT ROR.

Vestnes legesenter

Framandspråklege

- Ein klar auke i talet på framandspråklege pasientar, er ei kommunikasjonsutfordring. Det er krav om bruk av tolk, men legekontoret har erfart at slik tolking er av varierende kvalitet som kan ha alvorlege konsekvensar.

Vanedannande medikament:

- Sjølv om forbruket av vanedannande medikament i Vestnes kommune ikkje ligg over landsgjennomsnittet, er det for høgt. Vestnes legesenter har ei målsetting om å få ned forbruket. Det er frå fylkesmannen si side fokus på bilkøyring og bruk av vanedannande medikament.

Kroniske sjukdomar:

- Befolkninga blir eldre og lever lengre med kroniske sjukdomar. Legesenteret vil framover ha eit spesielt fokus på sjukdomane KOLS og diabetes.

Time same dag:

- Legesenteret får ofte tilbakemeldingar om det positive ved denne ordninga. Betre tilgjenge på dagtid gir i tillegg mindre pågang på legevakt.

NAV- kommune:

Økonomisk sosialhjelp:

- Etter ei sterk auke i utgifter frå 2012 til 2013 gjekk utgiftene til økonomisk sosialhjelp noko attende igjen i 2014. Men trass i dette ligg ein og i 2014 over budsjett.

Arbeidsløyse:

- Ein ser teikn både nasjonalt og lokalt i Vestnes som tydar på at arbeidsløysa er på veg opp. Dette veit ein og vil kunne påvirke behovet for økonomisk sosialhjelp

Framandspråklege innbyggjarar:

- Kommunen har etter kvart fått ein betydeleg andel framandspråklege innbyggjarar. Dette både i form av arbeidsinnvandrarar og flyktningar. Begge grupper ser vi vil kunne ha auka behov for NAV- kontoret sine tenester i tida framover både i høve arbeidsretta tiltak og i høve sosiale tenester.

Tenester til personar med rusutfordringar:

- Ein opplever framleis eit ikkje ubetydelig rusmiliø i kommunen. Arbeidet med denne gruppa er krevjande og fordrar godt samarbeid med andre kommunale instansar og instansar i spesialisthelsetenesta.

8.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

Felles / Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Norsk helsenett : I gang som planlagt. Opplæring. Kvalitetssikring
- Teneste / forvaltningskontor _er oppretta og i funksjon. Sakshandsaming. Elektroniske meldingar / systemarbeid. Opplæring.
- Kompetanseplan er politisk handsama. Kontinuerleg arbeid.
- Andre kursomgong / Demensomsorgens ABC slutført.
- Helse- og omsorgsplan (inklusiv demensplan):vedteken.
- Turnusprosjekt gjennomført (slutt febr 2014).Delvis vidareført.
- Praksisplass for elevar og studentar innan helsefagarbeidar og sjukepleiarutdanning.
- Gjennomført fleire fagprøver (helsefagarbeidar) for arbeidstakarar frå ulike einingar.
- Interne samarbeidsprosjekt mellom folkehelsekoordinator og fysio/ ergo/psykiatristillingar om frisklivstilbod i kommunen (eks depresjon / meistring, ernæring.)

- Nøkkelskap / GPS i heimetenesta sine bilar.
- Gjennomført fleire vellukka arrangement for tenestemottakerane våre, som fellesturar, basar, sommarfest, juletreffest og ulike underhaldningstilbod.
- Brukarundersøkjingar gjennomført med bra resultat.

Vestnes Legesenter

Interkommunal legevaktsamarbeid:

- Frå 1. januar 2015 , er det interkommunale legevaktsamarbeidet med Ørskog, Stordal og Ålesund ein realitet. Dette etter fleire år med forarbeid.

Elektronisk kommunikasjon:

- Vestnes legesenter har i fleire år kommunisert elektronisk via Norsk Helsenett med 2. linjetenesta. I 2014 realiserte ein også elektronisk kommunikasjon mellom helsetenesta i Vestnes kommune og Vestnes legesenter. Dette er ei klar styrking av kvaliteten på den lokale helsetenesta.
- Det er fleire pasientar som bestiller legetime eller reseptar via nett eller SMS. Det medfører også betre telefontilgjenge, noko som er eit krav i fastlegeforskrifta.

NAV- kommune:

Økonomisk sosialhjelp:

- Sjølv om ein og i 2014 ligg noko over budsjett er det positivt at ein har stansa auken i utbetalingar til økonomisk sosialhjelp
- Avvik etter tidlegare tilsyn frå Fylkesmannen vart lukka i løpet av 2014

Markedsarbeid:

- NAV Vestnes har i 2014 hatt auka kontakt med lokale bedrifter og næringsliv. Dette er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet

Barnefattigdomsprosjekt:

- Folkehelseprofilen for Vestnes tydar på at ein noko høgare del barn lever i familiar med vedvarande fattigdom enn kva som er gjennomsnittet for fylket og landet. Dette skapar «utanforskap» som mellom anna gjer det vanskeleg for barn og unge frå desse familiane å delta i ordinære fritidsaktivitetar som andre barn og unge deltek i. Vi har frå 2014 starta eit prosjekt med desse familiane som særleg fokusområde. Arbeidet vil bli vidareført i 2015.

Frisklivssentral:

Gjennom Frisklivssentralen er det søkt om og innvilga prosjektmidlar til samarbeidsprosjekt med Rauma kommune vedkomande diabetes 2 og overvekt/fedme for barn i 3. klasse.

Igangsatte tiltak i prosjektet:

- Startkurs og Bra Mat kurs for personar med diabetes type 2
- Aktivitetsgruppe med fysiske aktivitetar for barn, kostholdskurs for foreldre/barn og helsesamtalar i skulehelsetenesta.

24 brukarar er henvist til frisklivstiltak. Dei har delteke i eit eller fleire av følgjande tiltak:

- Frisklivssamtalar
- Turgruppe
- Eigentrening inne
- Gruppetrening inne

Tilbod til personar med psykisk utfordringar:

- KID – depresjonsmeistringskurs for vaksne. 2 kurs gjennomført
- DU - depresjonsmeistringskurs for ungdom oppstart hausten 2014
- Opplæring som kursleiarar i meistring og belastning - KIB kurs

8.5 Tiltak for fremme folkehelse

Felles / Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenesene:

- Kommunen har utvikle dagsentertilbud . Dette skaper meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag
- Fokus på ernæring og aktivitet
- Risikovurderingar
- Opplysning/ informasjon via frivillige lag og organisasjonar / brukarorganisasjonar
- Frisklivstilbod / delaktør i ulike kurs og anna tiltak

Vestnes legesenter

Personalet ved legesenteret har i alt sitt arbeid, ein høg fokus på helsefremmande tiltak. Gjennom:

- å informere om helsefremmande tiltak retta mot den enkelte. F.eks kosthald og fysisk aktivitet.
- vaksinasjon mot influensa, lungebetennelse.
- reisevaksinasjon.

8.6 KOSTRA-tal på området

Helse, omsorg og velferd

I pleie- og omsorg er mange av KOSTRA tala misvisande då vår store del av PU brukarar gjev feil utslag. Vi har teke med ein del tal som er samanliknbare med andre.

KOSTRA	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Sosialtenesta							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1298	1460	1895	1295	920	2855	1229
Nto driftsutg sosialtenesta pr innb 20 - 66 år	2140	2438	3119	2244	1573	4673	2059
Nto utg økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 - 66 år	759	856	1557	895	624	1008	983
Årsverk i sosialtenesta pr 1000 innbyggjarar	0,97	0,94	0,97	0,98	0,49	4,02	
Andel sosialhjelp mottakarar i forh. til innb. Gj. snitt utbet. pr månad	2		2,5	2,2	1,1	2,2	2,2
	4673			5799	7730	6539	5737
Kommunehelse							
Nto driftsutg pr innbyggjar	2 350	2 336	2 311	2 845	2 993	2 454	1 932
Lege årsverk pr 10 000 innbyggjarar	12,1	10,7	10,3	11,8	11,1	10,2	
Fysioterapiårsv. Pr 10 000 innb	7,5	8,6	8,9	12,8	7,7	10,3	
Gj. Snittleg listelengde legar (korrigert for kommunaletimar)	977	1 211	1 224	887	1 256	1 380	1 087

Pleie- og omsorg							
Plassar i institusjon i % av innb. over 80 år	27,2	18,9	18,4	21,7	17,3	19,3	20
Utg. pr døgn i institusjon	3 167	2 818	3 180	2 261	3 034	3 201	3 075
Brukarar av heimeteneste pr 1000 innb over 80 år	278	344	328	353	342	285	367
Andel innb. over 80 år som bur på institusjon	20	14,4	13,1	19,6	12,8	14,5	13,4
Andel i heimetenesta over 80 år med omfattande hjelpebehov	13,5	13,6	12,6	14,3	10,4	7,4	11,9
Andel på institusjon med omfattande hjelpebehov	40	46,3	42,4	58,8	42,9	44,8	52
Andel plassar for personar med demens	16,2	21,7	24,5	31,2	16,3	16,8	18,3
Andel pl. m/ brukartilpassa einarom og bad/WC	20,2	83,4	84,2	100	97,8	78,4	92,7
Legetime pr veke pr bebuar sjukeheim	0,32	0,38	0,51	0,32	0,45	0,39	
Fysioterapitimar pr veke pr. bebuar i sjukeheim	0,1	0,26	0,38	0,29	0,25	0,33	

- Utgiftene til kommunehelsetenesta ligg omlag som snittet.
- Vi har god dekning med legeårsværk, men noko dårlegare med fysioterapeutar.
- Vi har høg del institusjonsplassar, men kvaliteten på desse er truleg ikkje like god. M.a. ser vi det på at talet rom som har eige bad/wc er svært låg.

Rekneskapstal

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Heimetenestene	36 971	39 245	3 772	35 473	33 788	1 685	5,0
Sjukeheim	31 904	47 205	11 091	36 114	34 534	1 580	4,6
Trygdeheim	15 143	19 479	3 869	15 610	15 540	70	0,5
Sentralkjøkken	58	9 892	10 372	-480	5	-485	
Hellandtunet	25 321	30 628	6 162	24 466	24 898	-432	-1,7
Fellesutgifter PO	10 609	9 651	-2 106	11 757	10 601	1 156	10,9
NAV-kommune	7 803	9 296	1 788	7 508	6 908	600	8,7
Helse- og legetenester	8 918	13 379	4 168	9 211	8 648	563	6,5
Sum	136 727	178 775	39 116	139 659	134 922	4 737	3,5

- Sektoren hadde eit meirforbruk på 4,7 mill. kr, eller 3,5 %. Tilsvarande var det eit meirforbruk på 6,5 mill. kr i 2013. Hadde budsjettet vore korrigerert for ressurskrevjande brukarar på sjukeheimen og ikkje hatt ei ekstraordinær avskrivning på trygderufusjonar (sjå nedanfor) ville sektoren gått i balanse.
- I 2014 har vi arbeidd aktivt med fleire tiltak for at sektoren skal holde budsjetttramma. Både heimetenestene og Hellandtunet hadde meirforbruk i 2013, det er difor positivt å registrere at begge desse har redusert utgiftene i 2014. Heimetenestene har redusert meirforbruk frå 2,9 mill. kr til 1,7 mill. kr, Hellandtunet har gått frå meirforbruk på 0,9 mill. kr til eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr.
- Vestnes sjukeheim har for første år på lenge meirforbruk. Det skuldast at dei har fått ressurskrevjande brukarar. Kommunen har fått auka statlege overførningar for dette, men

dei er ikkje inntektsført sjukeheimen. Hadde budsjettet til sjukeheimen vorte korrigert for dette ville dei også hatt eit mindreforbruk.

- I 2014 er det gjort ei avskrivning på uteståande trygderefusjonskrav. Det er inntekter som er inntektsført tidlegare år, men som viser seg å være feil krav, netto ekstra utgift for pleie- og omsorg på 1,6 mill. kr.

• Utvikling siste 6 år

Driftseining	Netto driftsutgifter						Endring 09 - 14	
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	sum	i %
Heimetenestene	30 219	28 871	29 848	35 773	36 971	35 473	5 254	17,4
Sjukeheim/sentralkj.	28 588	27 450	28 279	29 613	31 962	35 634	7 046	24,6
Trygdeheim	12 121	12 706	12 843	14 306	15 143	15 610	3 489	28,8
Hellandtunet	21 657	22 113	22 971	25 936	25 321	24 466	2 809	13,0
Fellesutgifter PO	1 449	910	3 313	10 131	10 609	11 757	10 308	
NAV - kommune	4 473	4 132	5 210	6 014	7 803	7 508	3 035	67,9
Helse og legeenester	7 031	7 610	8 309	8 986	8 918	9 211	2 180	31,0
	105 538	103 792	110 773	130 759	136 727	139 659	34 121	32,3

Samhandlingsreforma starta i 2012. Det er årsak til den store auken i fellesutgiftene det året. Då fekk vi auka rammeoverføringa med 8,7 mill. kr, seinare auka til 9,3 mill. kr i 2014. Vi har hatt følgjande direkte utgifter:

	Rekneskap		
	2012	2013	2014
Medfinansiering sjukehus	8 227 000	8 113 000	7 745 000
Utskrivingsklare pasientar	652 000	168 000	140 000
	8 879 000	8 281 000	7 885 000

I tillegg til desse kostnadane har institusjonane og heimetenestene fått ekstrakostnadar ved at pasientar vert utskrivne tidlegare enn før, krev meir oppfølging og meir spesialisert stell. Det er difor vanskeleg å anslå om ekstra overføring frå staten dekker alle kostnadane. Frå 2015 er ordninga med medfinansiering avslutta.

	Tal inst. plassar	Opphalds- døgn	Utnyttings- grad	Kostnad pr. plass
Vestnes sjukeheim	43	15 970	101,8	825 398
Tresfjord trygdeheim	26	8 914	93,9	639 180
Oppigarden	8	2 628	90,0	1 129 167
Mariebo	8	2 703	92,6	1 001 151
Ivartun	12	3 463	79,1	940 378

8.7 Økonomisk resultat 2014

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Heimetenestene	36 971	39 245	3 772	35 473	33 788	1 685	5,0
Sjueheim	31 904	47 205	11 091	36 114	34 534	1 580	4,6
Trygdeheim	15 143	19 479	3 869	15 610	15 540	70	0,5
Sentralkjøkken	58	9 892	10 372	-480	5	-485	
Hellandtunet	25 321	30 628	6 162	24 466	24 898	-432	-1,7
Fellesutgifter PO	10 609	9 651	-2 106	11 757	10 601	1 156	10,9
NAV-kommune	7 803	9 296	1 788	7 508	6 908	600	8,7
Helse- og legetenester	8 918	13 379	4 168	9 211	8 648	563	6,5
Sum	136 727	178 775	39 116	139 659	134 922	4 737	3,5

Sektoren hadde eit meirforbruk på 4,7 mill. kr, eller 3,5 %. Tilsvarande var det eit meirforbruk på 6,5 mill. kr i 2013.

KAP 9 BU- OG HABILITERINGSTENESTENE

9.1 OVERSIKT OVER SEKTOREN

Vestnes kommune er ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2014 var det i Vestnes 55 vertskommunebebuarar, i alderen 49 til 90 år. 9 av desse fekk tenester frå Ivartun. Vidare var det i 2014 meldt inn til Helsedirektoratet 26 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming med Vestnes som heimkommune. 1 av desse fekk tenester frå Ivartun.

Bu- og habiliteringstenestene yter tenester til personar over 18 år. I 2014 vart det ytt tenester til 70 vaksne personar med psykisk utviklingshemming og til ein under 18 år. I tillegg får 5 personar utan diagnosen psykisk utviklingshemming tenester frå eininga. Samla tenesteyting til 76 personar frå Bu- og habiliteringstenestene.

Ivartun med 12 plassar, er sjukeheim for personar med utviklingshemming. Denne institusjonen er organisatorisk lagt under Hellandtunet, og altså ein del av institusjonstenestene våre.

Populasjonen er i endring. Ein fekk tilmeldt to nye, vaksne tenestemottakarar med diagnose psykisk utviklingshemming. Ein av desse har fått tenester i eigen bustad, den andre har førebels plass i institusjon. Vertskommuneinnbyggjarane vert i større grad ei aldringsprega gruppe. I 2014 fall 3 personar frå, medan fleire unge med diagnosen fylte 18 år. Dette utfordrar tenesteytinga med omsyn til kompetanse og samarbeid med samfunnet elles.

Bueiningane:

Bu- og habiliteringstenestene har ansvar for 12 bugrupper. Staben har koordinerande ansvar for bugruppene. I tillegg har kvar bugruppe ein person som har tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad "frikjøpt" tid for å ha ansvar for den daglege drifta

Bueiningane	Tal Årsverk 2013	Tal Årsverk 2014	Evt merknader	Tal på bebuarar	Personar med vedtak om tvang
Vestneshaugen	5,8	5,8		6	
Brugata	9,5	9,5		7	1
Plassen	7,2	7,2		4	
Myrateigen	8,1	8,1		4	1
Kråkvika	17,8		Delt i Skogvegen og Skogheim		
Skogheim		11,4		8	
Skogvegen		9,2		5	
Solstua	8,9	8,9		7	2
Skogly	5,7	7,1		4	1
Liaråket	13,5	10,7		6	2
Bakketun nede	9,9		Slått saman		

Bakketun oppe	11,4	13,6		8	2
Kariplassen	36,9		Delt i A og B		
Kariplassen A		17,6		6	3
Kariplassen B		21,1		4	2
Furulia	7,2	7,2		4	
Avlastning				2	
BPA/omsorgsløn/st.kont	4,0	4,0		1/2/11	
Dagsenter Strandbo	11,7	11,6			
Adm og leiing	5	5	ansvar for økonomi, personaloppfølging, plan og strategi, samt felles oppgaver og saksbehandling for heile tenesteområdet.		

9.2 Resultatmål 2015

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi/IKT	Installere programvaren CosDoc	Alle 12 einingar har installert CosDoc innan august 2014	Gjennomført	Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av 2015. Gjennomføre 2 kurs i 2015
	Innføring/opplæring i CosDoc	Alle 12 einingar gj.ført opplæring i journal- funksjon innan 01.01.2015	Gjennomført	
	Opplæring av superbrukarar i CosDoc			
	Kurs i grunnleggjande databehandling			
Brukarar - "opplevd kvalitet"	Brukarundersøking			Gjennomførast i 2015
	<u>Indikatorar:</u>			
	- Tenestemottakar får den hjelp han/ho trenger? - Tilsette samarbeider godt med tenestemottakar - Tenestemottakar trivast på jobben/ dag aktiviteten ?			Landsgj.snitt
				Landsgj.snitt
				Landsgj.snitt

Teneste “objektiv kvalitet”	A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen	Sende 20 meldingar til fylkesmannen	Færre enn 20. Tyder på fleire overprøvde vedtak	Auka gjenkjenningskompetanse skal være eit løpande tiltak retta mot både ny tilsette og heile gruppa. Fast tema på saklista i møta.
		Alle gjennomførte tiltak vert sendt fylkesmannen		
		Halde fristen for fornying		
	Andel saker der vedtak om bruk av tvang (HOL kap. 9) vert fornya	100 %	Arbeidet går kontinuerleg. Evaluering, nye vedtak og overprøving	Arbeidet går kontinuerleg. Evaluering, nye vedtak og overprøving
	Andel tilsette som får kurs i HOL kap.9 (bruk av tvang og makt).	70 % av dei tilsette innan des 2015	Sjå eige avsnitt	
	Andel miljøterapeutar som får kurs i saksbehandling Kap.9	100% innan des. 2015	Gjennomført første del i 2014	
	Dagsenteret flytte til T-3 bygget.	Innflytting T-3 innan aug. 2014	Gjennomført sep.2014.	
	Svømming for bebuarane Aktiviserings- opplæring i vatn.	7 bueiningar nyttar tilbodet 1 gong pr veke	6 bueiningar nyttar tilbodet	
	”Sprek og glad”	Tilbodet held fram	Tilbodet er vidareført	
	Spenningskurset	Vidareføring av tilbodet	Tenestemottakar frå 8 bueiningar deltok	Tilbodet held fram
	Danse fylket rundt	Vidareføring av tilbodet.	2 tenestemottakar deltok	

Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær: - Eigenmeldt - Legemeldt	0,1 % 10,5 %	1,0 11,6	0,8 10%
	Prosjekt i samarbeid med BHT: Sjukefråvær/-nærvær			Red. sjukefråværet i prosjektbustad med 5 % innan sommaren 2016
	Fullføre fagbrev (helsefagarbeidar)	4 tek fagbrev i 2014 8 tek fagbrev i 2015 3 tek fagbrev i 2016	2 har fullført 8 har starta 3 har starta	Tilsette 2 miljøterapeuter i 2015
	Kompetanseheving	Tilsette 3 miljøterapeutar innan 2014	Har tilsett 2 miljøterapeutar i 2014	
	Etisk refleksjon	Innkjøp av etisk refleksjons- kort til alle einingar.	Miljøterapeutane og koordinatorene har gjennomført kurs i refleksjonsmetodikk.	Deltakarane på kompetansehevande tiltak får opplæring i refleksjonsmetodikk. Innføring av refleksjonskort i alle bueiningar i 2015
	Brannrutine	Alle brannrutiner oppdaterte innan april 2014	Gjennomført	
	Brannøvingar	Brannøvingar i mai/juni kvart år	Gjennomført	
	Førstehjelpskurs			Gjennomføre førstehjelps-kurs for tilsette i løpet av 2015
Økonomi	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr)	100		
	Totalt	2000	1952	1500
	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100	100	100

9.3 SEKTOREN SINE UTFORDRINGER

I november 2013 fekk ein beskjed om at Gjelsten Eiendom ikkje forlenga avtalen Vestnes kommune har om leige av 7 leilegheiter på Brugata. Avtalen går ut i november 2015, men målet er at ein har flytta ut innan 01.06.2015. Utfordringa i denne prosessen har vore at ein ikkje har hatt nok tilgjengelege leilegheiter som tenestemottakarane kan flytte inn i. Først på seinhausten 2014 hadde ein 3 ledige leilegheiter, og ein planla då utflytting av dei 3 første tenestemottakarane.

Ein har lagt vinn på å ha ein tett og god dialog med dei 14 tilsette og organisasjonane.

11 av dei 14 tilsette fekk i løpet av hausten 2014 vite kvar dei skulle omplasserast når tenestemottakarane flytta ut. Ein har og lagt planer for dei resterande tilsette, og alle skal halde fram i Bu – og habiliteringstenestene.

Ein har og hatt ein god dialog med pårørande i denne prosessen. Dei har fått informasjon etter kvart, og i november hadde ein møte der det vart klargjort kvar dei 3 første tenestemottakarane skulle flytte.

Arbeidstilsynet melde om tilsyn 23.04.2015. Tilsynet var retta mot korleis leiing, verneombod og tillitsvalde samarbeider for å få gode arbeidsvilkår og eit helsefremmande arbeidsmiljø. 24.06.2014 var pålegga oppfylte og tilsynet lukka.

Bu - og habiliteringstenestene har i 2014 blitt trekt med i fleire saker der personane ikkje har diagnosen Psykisk utviklingshemming, men har behov for koordinerte tenester frå kommunen.

Faglege utfordringar:

Det er ei stor utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis for høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Men det er svært gledeleg at 9 tilsette sidan januar 2014 har starta på helsefagutdanning.

Det står som like vanskeleg å rekruttere medarbeidarar med 3 årig helse- sosial eller pedagogisk utdanning til tenestene. Ein del av dei som tek imot tenester frå Bu- og habilitering har krav på slik kompetanse også på grunn av vedtak om bruk av tvang i enkelte situasjonar. Somme av bu-einingane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange ufaglærte. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet som ligg i kapittel 9 i Helse- og omsorgstenestelova. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre den rette kompetansen.

Med bakgrunn i behovet for å auke realkompetanse, vart det hausten 2014 bestemt at alle assistentar må gjennomføre eit e-læringsprogram på ca. 8 timar dersom ein skal arbeide i Bu -og habiliteringstenestene. Kurset dannar eit grunnlag i den kunnskapen ein bør ha når ein arbeider for personar med utviklingshemning. Ein får innsikt i kva utviklingshemning er, lover og rettigheter, konflikt handtering, historiske og etiske perspektiv.

Samtidig bestemte ein at alle andre tilsette må gjennomføre eit e-læringsprogram med hovudvekt på tvang og makt. Kurset tek for seg forhold som har betydning for om menneske med utviklingshemning utviklar åtferd som blir oppfatta som utfordrande. Ein ser på kva som kan medverke til at denne åtferda varer ved eller blir redusert, og korleis ein som tenesteytar kan være i forkant og leggje til rette slik at behovet for tvang minimaliserast. Eit har fått kompetansemidlar som dekkjer lønsutgifter i samband med gjennomføringa av desse e-læringsprogramma.

Ein har om lag det same talet på personar der det er nødvendig med tiltak med bruk av tvang. Ein person har nyoppdaga behov. Ein annan person har av helsemessige grunnar / aldringsutvikling ikkje lenger behov for vedtak. Ein arbeider jamleg med å redusere behovet for tvang med andre løysingar. Det er ei fagleg og organisatorisk utfordring at ein ikkje har nok medarbeidarar med pedagogisk eller helsefagleg bakgrunn.

Vi ser derimot gode resultat med omsyn til mengde/frekvens for gjennomføring av dei aktuelle tiltaka der ein har god dekning med faglærte personell.

Aldringsprosessen hos personar med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar. Ein ser at utfordringane er store for å kunne skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/ slitasje og opprinnelege vanskar/reduisert nivå i forståing og prestasjonar. Dei som frå før har vore bra sjølvhjelpete har i utgpt. liten tilgang på personalressurs, og ein ser utfordringar med tanke på bemanningssituasjon når dei vert eldre og får auka tenestebehov.

Ein treng mange små stillingar for å fylle opp turnus på helg. Det blir stadig vanskelegare å få tilsett fast personell i desse stillingane.

Eit av resultatmåla for 2014/2015 var at dei tilsette skulle gjennomføre kurs i Helse-og omsorgstenestelova kap 9 (bruk av tvang og makt). Hausten 2014 planla ein dette kompetanseheevande tiltaket saman med voksenhabiliteringstenesten. Opplegget vart endra til at ein valte ut 2-3 ressurspersonar frå kvar bustad, som så skal ha ansvar for å formidle og vidareføre kunnskapen til resten av personalgruppa. Ein har planlagt 5 samarbeids-/retteleingsdagar våren 2015, med evaluering hausten 2015.

Dagtilbod/tilrettelagt arbeid:

Tenesta har eit dagsenter med 51 tenestemottakarar og ulike former for arbeid og sysselsetting: kafeteria/kantine og vev-/ og tekstilavdeling. I tillegg disponera ein 6 plassar på gartneri/park/vev produksjon og 13 personar har arbeidsplass ved TreMek AS.

Vestnes kommune vedtok i juni 2013 å kjøpe T3 bygget av Fylkeskommunen, for å flytte Dagsenter Strandbo dit. Ein del av bygget er sett av til avlastningstilbodet. På seinhausten 2013 starta ombygginga av T3, og i september 2014 flytta ein inn til eit renoverert T3. Ein stor dag for alle brukarar og personale ved dagsenteret.

Hausten 2014 brukte ein til å kome i orden. Del var ein del som måtte endrast på når ein hadde teke bygget i bruk, spesielt på det elektriske anlegget og ventilasjonssystemet. Handverkarane gjekk rundt dei tilsette dei første månadane, og det vart ei travel tid, då nye arbeidsrom og nye rutinar skulle takast i bruk, samtidig med installasjonsarbeidet som skulle slutførast. Dagsenteret er no eit fint og hensiktsmessig bygg å drive aktivitet i, ein god plass å vere både for brukarane og for personalet ved dagsenteret. Det er gode arbeidsrom for vev/tekstilavdeling, litt liten plass for aktivisering/sysselsetting, og her er det nok ønskje om nokre fleire arbeidsrom. Det vart ikkje plass til å flytte sanserommet frå Strandbobygget til T3, noko som er eit sakn for den svakaste gruppa.

Gruppa som tek imot tenester ved dagsenteret er i endring. I samsvar med at det blir færre arbeidstakarar i andre deler av sysselsettingstilboda, kjem det fleire med redusert produksjonskapasitet til dagsenteret. Dei eldste fell bort, og yngre krefter kjem inn i tilbodet. Talet på brukarar av dagsenteret er no 51, to har falle frå og to har kome til. Dagsenteret blir også brukt av utdanningsinstitusjonar for tilvenning til yrkesliv/ dag aktivitet.

Det blir kontinuerleg arbeidd med at tilbodet skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje meistrar ein tradisjonell arbeidskvardag. For enkelte av tenestemottakarane ser ein at det er behov for eit tilbod som er meir fysisk retta, og ein arbeider med å finne alternativ tilbod her.

9.4 KVA HAR VI OPPNÅDD I 2014?

- Alle bueiningar har installert CosDoc
- Dei fleste tilsette har fått opplæring i CosDoc
- Dagsenteret Strandbo har flytta inn i renovert T3 bygg
- 9 tilsette starta på deltid helsefagarbeidarutdanning
- 1 tilsett starta på vidareutdanning innan miljøarbeid og tverrprofesjonalitet
- 2 tilsette starta på vidareutdanning innan administrasjon og leiing
- dagleg fagleg ansvarlege har gjennomført kurs i sakshandsaming i helse -og omsorgstenestelova kap.9
- Dagleg fagleg ansvarlege har fått innføring i etisk refleksjonsmetodikk.
- 15 tilsette gjennomført medisinkurs
- Arrangert julefest
- Arrangert julemesse
- Gjennomført helsekontroll for nattevaktene
- Gjennomført medarbeidersamtalar i 5 bueiningar

9.5 TILTAK FOR Å FREMME FOLKEHELSE

I Helse- og omsorgstenestelova §3-3 står det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit tilrettelagt tilbod.

Tenestemottakarane har tilbod om å delta på ulike fritidsaktivitetar som spenningskurs, ungdomsgruppa, «Klem i veg», aktivetsdag, julefest, møter, gudstenester, sittedans, treningsstudio, «Sprek og glad», rettleiingssamtalar, hyggekveldar, «Danse fylket rundt» m.m.

For dei tilsette fokuserer ein på det psykososiale arbeidsmiljøet ved ulike tilstellingar. Framhevar «blåturen» som nokre bueiningar gjennomfører. Dei tilsette gjev tilbakemeldingar på at denne aktiviteten har stor betydning for trivselen og samarbeidet i personalgruppene. Sjølv om ein prøver å ha ulike tilstellingar, er det viktigaste tiltaket at kvar enkelt tilsett vert sett og verdsatt i kvardagen av kollegane og leiinga. Leiinga har fokus på at alle som tek kontakt, skal verte godt mottekne. Alle skal ha eit samarbeid som er bygd på respekt og likeverd.

Ein jobbar systematisk og målretta med oppfølging av sjukmeldte. Totalt ligg Bu – og habiliteringstenestene på 12,5 %, men ein har bueiningar med sjukefråværsprosent på 2,2. Hausten 2014 planla ein prosjekt i samarbeid med BHT, der ein ønskjer å setje inn tiltak i bueiningane som har det største sjukefråveret.

9.6 ØKONOMISK RESULTAT 2014

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik 2014	
	2013	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Avlastning PU >18 år	2 233	1 450	261	1 189	1 502	-313	-20,8
Vestneshaugen	4 023	4 343	132	4 211	4 010	201	5,0
Brugata	6 078	6 709	376	6 333	6 300	33	0,5
Dagtilbud PU	7 264	8 300	1301	6 999	7 515	-516	-6,9
Plassen	4 878	5 126	314	4 812	4 854	-42	-0,9
Myrateigen	5 725	5 707	129	5 578	5 560	18	0,3
Kråkvika	12 477	191	234	-43	0	-43	
Skogheim		8 447	492	7 955	7 482	473	6,3
Skogvegen		5 683	213	5 470	5 543	-73	-1,3
Solstua	6 324	6 472	448	6 024	6 184	-160	-2,6
Skogly	4 194	4 590	185	4 405	4 394	11	0,3
Liaråket	8 065	7 679	325	7 354	7 209	145	2,0
Bakketun	14 829	12 271	667	11 604	11 835	-231	-2,0
Kariplassen	27 227	30 529	2141	28 388	26 014	2 374	9,1
Furulia	4 996	5 391	279	5 112	4 946	166	3,4
Administrasjon	3 204	3 584	231	3 353	3 493	-140	-4,0
Sum Bu- og hab. Teneste	111 517	116 472	7 728	108 744	106 841	1 903	1,8

- Bu- og habiliteringstenestene reduserte utgiftene med nesten 2,8 mill. kr, eller 2,5 %, frå 2013 til 2014. Dette er svært positivt at ein greidde dette.
- Sektoren hadde likevel eit meirforbruk på 1,9 mill. kr, men som nemnt nedanfor har det samband med ressurskrevjande brukarar.
- Bueining Kariplassen har meirforbruk på 2,4 mill. kr og er årsak til sektoren sitt meirforbruket.
- På Kariplassen var budsjett 2014 feil, det var gløymt budsjettert alle utgiftene til ressurskrevjande brukarar, det er grunnen til det store meirforbruket .
- Meirforbruk på Kariplassen, og dermed bu- og habiliteringstenestene, må vi sjå ilag med at refusjonen for ressurskrevjande brukarar som også vart langt høgare enn budsjettert.
- Korrigert for dette så heldt nok sektoren budsjetttramma, og kanskje også eit lite mindreforbruk.

I 2013 auka ein del av dei variable lønsutgiftene i sektoren mykje. Dette har ein arbeidd med for å få redusert , og som tabellen nedanfor viser har ein greidd det.

	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2012	2013	2014
Avtalefesta tillegg	13 709	15 883	15 296
Ekstrahjelp	2 286	2 101	1 717
Overtid	1 920	2 674	1 952
Sum	17 915	20 658	18 965

KAP 10 TEKNISKE TENESTER

10.1 OVERSIKT OVER SEKTOREN

Hausten 2014 vart *Eining for eigedomsdrift* skilt ut frå Tekniske tenester. Medan oppmåling og drift/anlegg frå “gamle” Tekniske tenester, saman med plan, byggesak og landbruk/miljø frå sentraladministrasjonen vart til “nye” Tekniske tenester. Teknisk tenester har difor framleis eit omfattande ansvarsområde.

Brann, redning og feiing har budsjettmessig vore saman med Tekniske tenester i 2014, men formelt organisatorisk har dei høyrte til i sentraladministrasjonen.

Driftseininga har ansvar for desse tenestene:

Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar.
GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt.
Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing.
Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gatelys.
Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging.
Kyrkjegardsgraving.
Utbygging av kommunale bustad- og industriområder.
Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering
Ansvarleg for kommuneplan og reguleringsplaner.
Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen.
Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel (buss, båt, ferge).
Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker. Mortferdsel i utmark og forureining.
Vilt- og fiskeforvaltning.
Rettleiing av bønder og andre om offentlege støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.).
Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar.
Feiing og bustadtilsyn.
Branntilsyn på §13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 4 stasjonar)
Anna bistand ved krisesituasjonar (for eksempel ekstremvær)
Brannøvingar for offentleg og privat verksemd.
Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne).

Tenester	Tal Årsverk 2013	Tal Årsverk 2014	Ev. merknader
1201 - 1215 Plan/byggesak Landbruk/miljø	5,0	5,0	Berre 4 årsverk store deler av 2014 grunna vakanse og permisjon.
6000 - 6017 Drift og anlegg Oppmåling	13,3	11,8	Reduksjon skuldast omorganisering og vakanse
6011- 6012 Brann, redning og feiing	2,7	2,7	0,1 er tilsett på Eigedomsdrift

10.2 Resultatmål 2015 – Tekniske tenester

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi/ IKT	<u>Drift og anlegg:</u> Innføre FDV-system for VA-området og veg-området. <u>Oppmåling, kart/GIS:</u> Implementere rutine for dokumentasjon av måledata (Matrikkellova). <u>Brann, redning og feiing:</u> Ta i bruk Komtek-programvare for §13-tilsyn og for rapportgenerering-feietenester <u>Plan/byggesak:</u> Kurs i samfunnsplanleging <u>Landbruk/miljø:</u> Digitalisere jaktvalda i kommunen	Innført des 15 Innført des 14 Innført des 14 1 tilsett	 Ikkje oppnådd Ikkje oppnådd 1 tilsett	Innført des 15 Innført des 15 Innføre Alle
“opplevd kvalitet”	<u>Brukarundersøking byggesak :</u> • Resultat for brukarane • Respektfull behandling • Påliteleg åtferd • Tilgjenge • Informasjon • Totalvurdering	Minst landsgj. snittet	Ikkje resultat: For låg svarprosent	Oppnå ein tilfredst. svar-%. Oppnå minst landsgj. snittet
Teneste “objektiv kvalitet”	<u>Drift og anlegg:</u> • Antal km grøfterensk langs kommunal veg • Andel av kommunalt OV-system som er registrert <u>Oppmåling, kart/GIS:</u> • Andel oppmålingsforretningar utført innan 16 — vekers fristen • Tildele adressenummer og ferdigstille arbeidet med adresseparsellane i Åsbygdaområdet. • Ferdigstille adressering for Furland- Vik-Leirvågen og Vik - Tomrefjord. Starte grunnlagsarbeid for adressering Fiksdal, Rekdal, Skorgen, Tresfjord, Daugstad, Vikebukt. • 2015: Ferdigstille adressering for alle adresseobjekt med heilårsveg i heile kommunen. • Starte på arbeidet med oppdatering av leidningskartverket <u>Brann, redning og feiing:</u> • Oppfylle forskriftskrava m.h.t. frekvens feiing og bustadtilsyn. • Behalde og rekruttere nok deltidsmannsk • Gjennomføre kursing/opplæring i høve til “Plan for brannvernet 2015” • Lære opp mannskap og sette i drift ny mannskapsbil – Helland • Sette i drift ny tankbil	1 km 25 % 100 % Des 14 Des 14 Des 15 Okt 14 Des 15 Des 14 Juli 14	0,6 km Ikkje oppnådd 80 % Fullført Fullført Ikkje oppnådd Minus 3 stk Gj.ført	1 km 25 % 100 % 100 % Starte 1. halvår Des. 15 100 % Des. 15 1 halvår

	<u>Plan/byggesak:</u>			
	• Andel byggesaker med behandlingstid innan fristane , jfr. Pbl., byggesak	100 %	90 %	100 %
	• Andel saker som kan behandlast ferdig utan å gi melding om tilleggs-opplysningar.	70 %	50 %	70 %
	• Ferdigstilt arealplan	Vår 2015	I full gang	Haust 2015
	• Andel arealsaker behandla innan pbl sine fristar	100 %	100 %	100 %
	<u>Landbruk/miljø:</u>			
	• Andel bønder som søker produksjonstilskot og RMP elektronisk	100 %	Ca 95 %	100 %
	• Andel kartlagte friluftsområde i kommunen	100 %	Ikkje oppnådd	100 %
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver	4%	5,1 %	4 %
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100	Sparte 1 mill.	100

10.3 SEKTOREN SINE UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGER

Sidan vi er ei ny/endra eining frå hausten 2014, vil det framleis vere behov for å arbeide med samordning/samkøyring av organisasjonen.

Sjølv om vi har fått tilsett nye medarbeidarar innanfor fleire av fagfelte våre, har vi framleis totalt sett større etterspørsel etter tenester enn kva vi har kapasitet til. I tillegg ser vi at fagområda stadig krev kompetanseutvikling for å møte endra og nye behovet.

Den andre viktige faktoren som er avgjerande for resultatet, i tillegg til mannskapsressursar, er tilgangen på budsjettmidlar. Eit eksempel som alle kan sjå, er det store udekte utbetnings- og vedlikehaldsbehovet vi har på kommunale vegar. Utan betydelig auke her vil vi aldri komme opp på eit ønska nivå.

Innafor fleire av fagfelte våre vil vi framleis ha behov for konsulenttenester. Dette gjeld m.a. konsulentinnleige på oppmålingssaker om vi skal få gjennomført adresseprosjektet, prosjektering/planlegging av nye avløps - og utbyggingsprosjekt, areal – og sentrumsplanlegging m.m. Vi har inntrykk av at det er stor etterspørsel innan fagfelte prosjektering/planlegging, medan det i skrivande stund ser ut til å vere betre kapasitet innanfor grunntreprentørfaget.

10.4 KVA HAR VI OPPNÅDD I 2014?

Generelt:

Arbeidet med ny organisering tek ein del tid og fokus frå ein travel kvardag. På tross av dette, og utan tilsett einingsleiar størstedelen av året, har vi prøvd å halde drifta i gang. All honnør til dei tilsette for å ha teke ekstra tak i denne situasjonen. I løpet av året betra vi kapasiteten ved at vi fekk tilsette nye medarbeidarar i ledige stillingar innan VA/veg og landbruk/skogbruk. På plan/bygg har vi hatt redusert kapasitet deler av året.

Landbruk/miljø:

På tross av vakanse i deler av året har ein i stor grad kunna innfri på saksbehandlingstid. Har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre kartlegginga av friluftsområda i kommunen som

planlagt. Vanskelege/krevjande miljø-/forureiningssaker er framleis ikkje tilfredsstillande løyst, og må jobbast vidare med i 2015.

Tilbakemelding i form av tilsyn frå Fylkesmannen viser at vi har bra rutinar og kvalitet på saksbehandlinga.

Plan/bygg:

1 tilsett har fullført planlagt opplæring. Har behandla saker i forhold til fristane. Har arbeidd med framlegg til ny kommuneplan. Regplan for Helland sentrum er fortsatt under arbeid saman med utbyggingsplan for Sjøgata/Kataholmen.

Brann/redning/feiing:

Har gjennomført planlagt opplæring så langt som kapasiteten på NBSK. Har gjennomført planlagte tilsyn og øvingar. Førebudd innføring av TETRA (nytt naudnett). Har gjennomført investeringsprosjekta.

Park/grønt:

Har fortsett med jobben å ta att det forsømte vedlikehaldet. Elles utført planlagt arbeid, og gjeve eit godt tilbod til personar med hjelpebehov.

Drift og anlegg - VA/veg:

Investeringsprosjekta er gjennomført som planlagt med unntak av:

- Trohaugen industriområde (anbudrunde er gjennomført (april 2105) - klart til oppstart)
- Kjersemdalen og Furlandsvegen vert slutført sommaren 2015

Innanfor avløpområdet har den største investeringa vore slamavskjillar på Sætre. Elles har det vore utført fleire overvassprosjekt, og planlagt nye prosjekt for 2015. Opprydding og fornying av overvasssystemet ved silanlegget i Vestnesbukta.

Vegvedlikehald: skifta fleire dårlege stikkrenner, oppgradert og reparert Lervågvegen (den kommunale delen), asfaltert der behovet har vore størst – så langt midlane rakk.

Elles vanleg drift med snøbrøyting, kyrkjegardsgraving og anna.

Oppmåling/GIS:

67 nye oppmålingssaker rekvirert, utført vel 90 saker (inkl. eldre).

Inntektsmålet vart ikkje nådd, - for høgt budsjettert i høve tilgang på nye saker.

Fortsatt arbeidet med kvalitetsheving av Matrikkelen.

Nådd måla innafor adressering. Saksbehandla bortimot alle konsesjonsfritak "på dagen".

Oppdatering av ledningskartverket har det dessverre ikkje vore kapasitet til i 2014 heller.

Delteke i geovekst-prosjekta som gjeld vår kommune. Førebudd overgang til ny kartportal – saman med andre Romsdalskommunar.

10.5 TILTAK FOR Å FREMME FOLKEHELSE

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettløsningar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet. Syte for gate-/vegbelysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøing vere ein vesentleg faktor.

10.6 KOSTRA-TAL PÅ OMRÅDET

KOSTRA tal - teknisk	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	952	934	892	1 496	825	906	1 107
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	80 835	58 984	106 048	87 685	65 982	126 534	87 339
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	802	773	697	966	531	797	624
Andel kommune vegar utan fast dekke	7,6	30,6	34,7	28,3	-4,4	11,1	
Årsgebyr for feiing og tilsyn	394	410	439	462		396	
Årsgebyr avløp	2 862	2 924	3 604	3 222		1 781	
Årsgebyr slamtømming	1 087	1 157	1 465	1 056		1 119	
Årsgebyr avfall	2 456	2 561	2 485	2 881		3 142	

10.7 ØKONOMISK RESULTAT 2014

Teknisk sektor Driftseining	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014			Budsjett 2014	Avvik 2014	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Administrasjon	135	386	197	189	793	-604	-76,2
Oppmåling	437	1 229	948	281	399	-118	-29,6
Plan- og bygning	854	2 790	2 068	722	1 511	-789	-52,2
Landbruk	1 351	1 192	126	1 066	1 373	-307	-22,4
Renovasjon, kloakk, feiing	114	19 066	18 993	73	26	47	180,8
Brannvern	4 931	5 833	699	5 134	5 347	-213	-4,0
Hamnevesen	-29	121	92	29	0	29	
Parkvesen	692	1 725	924	801	899	-98	-10,9
Kommunale vegar	3 722	6 472	2 213	4 259	3 163	1 096	34,7
Sum teknisk sektor	12 207	38 814	26 260	12 554	13 511	-957	-7,1

Tekniske tenester har eit mindreforbruk på knapt 1,0 mill. kr. Mykje grunna vakanse/permisjon i stillingar.

Utvikling siste åra

Driftseining	Netto driftsutgifter						Endring 09 - 14	
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	sum	i %
Oppmåling	326	176	237	339	437	281	-45	-13,8
Brannvern	4 326	3 967	4 455	4 968	4 931	5 134	808	18,7
Parkvesen	562	501	617	941	692	801	239	42,5
Kommunale vegar	3 358	4 184	4 050	2 995	3 722	4 259	901	26,8

KAP 11 EINING FOR EIGEDOMSDRIFT

11.1 OVERSIKT OVER SEKTOREN

Det som tidlegare var Tekniske tenester blei delt i to 2014. I realiteten var det slik at Eining for eigedomsdrift blei skilt ut frå Tekniske tenester. Frå 1. oktober 2014 har einingane vore delt.

Driftseininga har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Kommunen har ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett. Samla bruttoareal for desse er 49 510 m². Eininga har og ansvar for dei kommunale forsikringane og nyttar Veno forsikringsmegling AS som agentledd.

Forvaltning av bustader:

Pr. 31.12.2014 hadde kommunen i alt 156 bueiningar fordelt slik.

Type bustad	Tal bueiningar	Eventuelle merknader
Omsorgsbustader	38	Senior Plaza og Aktivitetssentreret
Bustader innan bu- og habiliteringstenestene	66	
Flyktningebustader	3	
Bustader for vankelegstilte	41	Utleige av dei tidlegare personalbustadene på Myra-området, kjent som "Raudhuset" og "Brunhuset", er under avvikling grunna dårleg standard på bustadene.

Stiftelsen Vestnes Trygdebustader sine 16 husvære blir forvalta av eining for eigedomsdrift.

Tilsette i eininga:

Ansvar	Tal Årsverk 2013	Tal Årsverk 2014	Ev. merknader
5000 – 5550 Eigedomsdrift	10,61	14,9	Med leiar har avdelinga 16 tilsette. I alt 3,8 av desse årsverka blir bruk i andre einingar. (Prosjekt, reinhald, matombringning, vaktmeister heimeteneste, utleige til Vestnes Bioenergi AS, branntilsyn)

11.2 Resultatmål 2015 – Eigedomsdrift

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2014	Resultat 2014	MÅL 2015
Teknologi IKT	<u>Eigedomsdrift:</u> Tal på vaktmeisterbestillingar ved bruk av elektronisk programvare.	1000	832	1200

“opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøking på området førebels			
Teneste				
“objektiv kvalitet”	1. Andel søknader om leige av kommunal bustad som blir svart på innan 3 veker. 2. Talet på klagesaker i samband med offentlege anskaffelsar. 3. Andel vaktmeisterbestillingar som blir behandla på innan 2 veker.	80% - 100%	85% 0 100%	90% 0 100%
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær	4%	2,2%	2,2%
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100%	94,8%	100%

11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Fleire av dei kommunale bygga har eit monaleg vedlikehaldsetterslep. Når ein tek til med ordinært vedlikehald viser det seg ofte at arbeidet blir meir omfattande og at det kostar meir enn først antatt. (Eit døme er ved utskifting av vindauge så viser det seg at veggene også må settast i stand.)
- Delar av bygningsmassen treng større oppgradering og rehabilitering slik at dei t.d. er tråd med brukarane sine behov, har universell utforming og er meir energioøkonomisk.
- Lage tilstandsanalyser og vedlikehaldsplanar for kommunale bygg. Kommunen treng også system for å sikre kommunale bygg og eigedomar mot brann, innbrot, vassinntrenging m.m.
- Ein del kommunale bustader har stor slitasje, og har difor eit auka behov for både vedlikehald og oppgradering. Dette gjeld bustader som leigast ut “vanskelegstilte”, og bustader innanfor bu- og habiliteringstenestene.
- Energiforbruk og – kostnader i kommunale bygg. Det kan t.d. vere at det oppstår eit unødvendig stor energiforbruk på grunn av trekkfulle vindauge, utdatert teknisk anlegg, lite fokus på ENØK.
- Halde fram med å sikre og vedlikehalde uteområde skule/barnehage.
- Vedlikehald av kommunalt uteareal elles.
- Oppfølging av serviceavtalar og kostnader ved desse.
- Restansar husleige. Rekneskapsfunksjonen ligg no i Molde kommune. Vi erfarer at det ikkje er gode nok rutinar for oppfølging/purring av ikkje betalt husleige. Vi må ha betre rutinar her slik at vi er “tett på” når nokon ikkje greier å betale leiga i tide.
- Rapportering frå administrasjonssjefen til kommunestyret om den kommunale eigedomsforvaltninga må bli betre slik at kommunestyret får god nok informasjon for å ivareta sitt ansvar som eigar på ein forsvarleg måte. Behov for vaktmeister skal meldast inn elektronisk. Det systemet vi har i dag er ikkje tilstrekkeleg brukarvennleg, og det er ikkje høve til å ta ut rapportar. I løpet av 2015 ønskjer kommunen å gå over til eit nytt system som m.a. er meir brukarvennleg for den som skal melde inn behov, oppfølging av bygg og rapportering generelt.
- Parkeringstilhøva rundt dei kommunale bygga.
- Brukarundersøking for å sjekke ut korleis brukarane opplever eigedomsforvaltninga i forhold til eigen tenesteproduksjon.

11.4 Kva har vi oppnådd i 2014?

- A jour med oppfølging av leigeavtalar og justering av husleige.
- For første gang leigde kommunen inn ekstern konsulent for å gjennomføre kontroll av dei kommunale uteområda på skulane og barnehagane. Kontrollen avdekket at det jamt over stod godt til – over tid har vi hatt eit godt vedlikehald av uteområda. Kommunen har likevel ein del avvik som må lukkast, og det blir gjort ved at dei mest alvorlege blir tatt først. Kommunen fortsett å ha fokus på desse uteområda.
- Utarbeidd tilstandsrapport på Tomrefjord Idrettsbygg.
- I prosjektet “Hagen som møteplass” blei hagen rundt Frivilligsentralen ordna. Dette var eit samarbeid med Gamleskulens vener, som bidrog med ein god del timar på frivillig dugnad.
- Ombygging av T3. Dagsenteret sine aktiviteter på Strandbo er flytta til T3.

11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Samarbeid med teknisk avdeling om turvegen Kråkvika – Misfjord. Arbeidet blir ferdig i 2015.
- Vedlikehald og utbetring av uteområde på skular og barnehagar.
- Etablering av hageområdet rundt Frivilligsentralen - “Hagen som møteplass”, skal legge til rette for at fleire kjem seg ut. Det er også leikestativ i hagen.

11.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA tal		Møre og	Landet				
- eignedomsdrift	Vestnes	Romsdal	eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. utg. komm. Eignedomsforv. pr innb.	2 640	4 129	4 475	4 708	3 281	4 210	3 066
Areal i m2 pr. innbyggjar	6	5,2	6,2	9,3		5,2	4,3
Netto driftsutgift pr. innbyggjar							
- administrasjonslokaler	100	315	352	193	184	22	385
- barneshagar	366	394	461	334	264	356	248
- grunnskule	1 172	1 961	1 982	2 263	1 744	1 854	1 655
- institusjonslokaler	487	803	800	949	665	877	527
- idrettsbygg	306	334	436	379	108	570	110
- kulturbygg	180	191	199	337	136	342	
Nto. Utgift pr kommunalt disp. bustad	-68	-322	-156	-154	-550	-647	-80
Komm disp. bustadar pr 1000 innb.	25	21	21		13	22	14
Beløp pr innb til startlån	671	858	1149	611	695	840	531
Komm. energokostmnadar pr. innb.							
Energibruk pr. m2	152	97	79	69		104	105
Andel energikostn. i % av tot. brt. utg.	32,7	11,8	10,9	12,8	12,2	12	14,7

- Vi bruker mindre på eigedomsdrift enn fylkes- og landsgjennomsnitt, også mindre enn nabokommunane.
- Med unntak av barnehagar så bruker vi mindre på alle typar bygg.
- Energikostnaden er betydeleg høgare i våre bygg enn elles. Det må undersøkast om det kan være feilrapportering her eller det er reelt.

11.7 Økonomisk resultat 2014

Rekneskap

<u>Eigedomsdrift</u>	Rekneskap 2014			Budsjett	Avvik	
Driftseining	Utgifter	Inntekter	Netto	2014	i kroner	og i %
Kommunale bygningar	36 844	18 850	17 994	17 919	-75	-0,4
Kommunale utleigebygg	2 990	2 750	240	386	146	37,8
Kommunale utleigebygg PU	5 990	6 072	-82	59	141	239,0
Kommunale omsorgsbustadar	4 598	3 375	1 223	1 673	450	26,9
Drift Myra området	10 475	6 042	4 433	4 477	44	1,0
Felleskostnadar vaktmester m.m.	5 770	5 043	727	1 324	597	45,1
Bustad og industriområder	1 354	289	1 065	1 177	112	9,5
Sum eigedomsdrift	68 021	42 421	25 600	27 015	1 415	5,2

- 2014 er første året der eigedomsdrift er eiga driftseining.
- Det skjedde også ei omlegging ved at kapitalkostnadar (renter og avdrag), 26,0 mill. kr vert belasta drifta. Vi har difor ikkje samanliknbare tal frå 2013.
- Driftseininga hadde ei innsparing på 1,4 mill. kr.
- Eigedomsdrift har stor omsetning, det meste av utgiftene (eks. kapitalkostnadar) vert dekkja av husleigeinntekter både eksterne og interne.
- Husleigeinntektene i utleigebygg og PU husvære dekker både driftsutgifter og kapitalkostnadar. I omsorgshusvære dekker husleigeinntektene ikkje alle kostnadane.

Kap12 ØKONOMI OG REKNESKAP

12.1 Innleiing

Rekneskapen for 2014 er ferdig avslutta og vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning i eiga sak. Viser til denne for utfyllande informasjon, den saka har også vedlagt mange detaljerte oversiktar.

Administrasjonssjefen vil i årsmeldinga kommentere ein del forhold rundt drifta i 2014 og vise utviklinga på ein del områder siste åra. Det vert også knytta ein del kommentarar til områder der det er større avvik mellom budsjett og endeleg resultat.

12.2 Resultat 2014

Netto driftsresultat

Dette er resultat før bruk/avsetning til fond. Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren.

Netto driftsresultat 2014 vart:

Kr 6.631.376,88

**Dette er eit positivt resultat og utgjør 1,1 % av driftsinntektene.
I 2013 var det eit negativt resultat på kr 870.000,-.**

Fylkesmannen har retningslinjer om at resultatet bør være minst 1,75 %. Teknisk beregningsutval rår til at 1,75 % er nok. For å oppfylle det kravet burde det vore eit positivt resultat på vel 10 mill. kr.

- **Sjølv om netto driftsresultat ikkje er så høgt som Fylkesmannen sitt måltal må vi likevel sei oss godt nøgd med resultatet i 2014. Vi har snudd fleire års negativt resultat.**
- **Vi er likevel klar over at det i åra som kjem vert svært vanskeleg å klare å ha balanse i drifta utan å gjennomføre tiltak.**
- **Når det gjeld inntekter er det i praksis berre eigedomsskatten kommunestyret kan påverke, resten er styrt frå sentralt hald. Utanom dette er det drifta som må reduserast.**

Resultat samanlikna mot budsjett

Når vi ser på rekneskapsresultatet etter bruk/avsetning til fond m.m. får vi det resultatet som gjev rettast bilete av drifta i 2014 sett opp mot kommunestyret sitt budsjettvedtak.

- Rekneskapen viser eit overskott på
Kr 4.890.545,22
- Det er svært positivt at vi greidde eit slikt resultat. Spesielt med tanke på at vi i budsjett for 2015 har budsjettert med å bruke 3,6 mill. kr frå overskott i 2014.
- Vi går inn i 2015 utan å ha med oss underskott frå 2014.

Dei største avvika mellom rekneskap og budsjett er:

Inntekter	
- Skatt- og inntektsutjamning	-2 495 000
- Kapitalfond	-171 000
- Tilskott til ressurskr. Brukarar	5 633 000
- Ekstra skjønsmidar	3 305 000
- Laksekonsesjonsmidlar	3 568 000
- Integreringstilskott	1 410 000
- Utbytte VEAS	1 300 000
- Ymse inntekter	787 000
Meirinntekter	13 337 000
Utgifter	
- Driftsutgifter	5 335 000
- Renter og avdrag	3 111 000
Meirforbruk	8 446 000
"Overskott "	4 891 000

- Auka inntekter er hovudårsak til at vi fekk overskott i 2014.
- Tilskott til ressurskrevjande brukarar vart vel 5,6 mill. kr høgre enn budsjettert. Dette må vi sjå i lag med meirforbruket i drifta. Spesielt to driftseiningar hadde meirforbruk og dette har si årsak i nye resurskrevjande brukarar.
- Korrigert for dette vil vi hevde at drifta gjekk i balanse. I 2013 var det eit meirforbruk på 9,5 mill. kr på drifta.

12.3 Gjennomførte økonomiske sparetiltak i 2014

Budsjett 2014 var i utgangspunkt realistisk oppsett på driftssida. Det var ikkje lagt inn generell reduksjon i rammene til alle på 2 – 3% slik det har vore gjort mange av dei tidlegare åra.

Mange av dei sparetiltaka som vart sett i verk i 2013 vart vidareført i 2014. Nemne m.a.

- Vakante stillingar, skulle holdast vakant så lenge som mogeleg. Administrasjonssjefen skulle godkjenne alle utlysingar.
- Overtid og ekstrahjelp , skal reduserast og bruken begrensast.

Overtidsbruken auka mykje i 2013. Driftsleiarane vart spesielt bedt om å sjå på dette og gjere tiltak for å redusere overtida.

Utviklinga siste åra har vore som følgjer:

Alle tal i 1000 kr	2011	2012	2013	2014
Estrahjelp	5 330	7 840	6 844	5 137
Ekstra assistenthjelp	3 947	3 342	3 335	4 070
Overtid	3 193	5 397	6 494	5 272
Sum	12 470	16 579	16 673	14 479

Desse tiltaka viser god effekt i 2014, både ekstrahjelp og overtid er til dels kraftig redusert.

Administrasjonen har gjennom året prioritert økonomisk oppfølging av dei driftseiningane som tidlegare år har hatt problem med å holde budsjettramma, eller som ein såg låg an til meirforbruk.

Driftseiningar som har fått ekstra oppfølging er m.a. Tomrefjord skule, Heimetenestene, Hellandtunet og Bu og Habiliteringstenestene.

Resultatet for desse har vore som følgjer siste åra:

Alle tal i 1000 kr	2012	2013	2014
Tomrefjord skule	1 234	1 490	726
Heimetenestene	5 932	4 356	1 685
Hellandtunet	1 160	884	- 433
Bu- og habiliteringstenestene	1 618	1 417	1 913
Sum	9 944	8 147	3 891

Administrasjonen har også hatt budsjett/rekneskapsorientering på dei fleste driftsleiararmøta. Likevel skulle ein hatt meir tid til disposisjon for å gje økonomisk oppfølging til driftsleiarane, trur det kunne gitt god økonomisk effekt.

12.4 Netto driftsresultat siste åra

År	Netto driftsresultat
2005	6 400 000
2006	13 800 000
2007	-4 617 000
2008	-51 758 000
2009	11 450 000
2010	16 430 000
2011	-8 320 000
2012	32 406 000
2013	-870 000
2014	6 631 000

Årsak til det “gode” resultatet i 2012 var at i samband med inndekking av tidlegare års underskott kjøpte Vestnes kommune aksjar for 32,0 mill. kr i VEAS. Som motyting fekk vi utbetalt tilsvarande sum i ekstraordinært utbytte. Dette er årsak til høgt netto driftsresultat, reelt sett var resultatet berre 0,4 mill. kr.




Fig nr 1: Netto driftsresultat 2002 – 2014 (korrigert resultat 2012)

- Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år. Årsak til dette kan m.a. være:
 - Vestnes hadde i mange år midlar plassert i aksjefond og då hadde utviklinga på børsen innvirkning.
 - Kor godt vi klarer å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene og klarer å holde drifta innanfor vedtatt budsjett er sjølvstendig viktig
 - Politiske prioriteringar frå sentralt hald har også stor innvirkning då størstedelen av inntektene vert bestemt av stortinget.
- I 2008 var det eit negativt driftsresultat på 51,8 mill. kr. Det vert ofte visst til at det skuldast børsfall det året. Det faktiske forholdet er at 28,0 mill. kr skuldast børsen, medan resten nær 24,0 mill. kr gjaldt drifta elles, spesielt meirforbruk på drifta inkl. renter og avdrag.

12.5 Inntekter

Eksterne inntekter

Alle tal i 1000 kr	2 013	Resultat 2014		
		Rekneskap	Budsjett	Avvik
Statlege overføringar				
Skatt og rammeoverføring	307 264	314 683	317 000	-2 317
Ekstra skjønnsmidlar	5 403	3 305	0	3 305
Vertskommunetilskott	99 499	100 787	100 400	387
Tilskott ressurskr. brukarar	21 557	24 633	19 000	5 633
Integreringstilskott	3 389	7 114	5 704	1 410
Komp. Eldreutb./skule/kyrkje m.m.	3 820	3 034	3 200	-166
Statlege overføringar	440 932	453 556	445 304	8 252
Andre eksterne inntekter				
Avkastning kraftfondet	6 057	5 829	6 000	-171
utbytte VEAS	2 000	7 300	6 000	1 300
Eigedomsskatt	8 578	8 989	8 600	389
Oppdrettskonsesjonsmidlar		3 568	0	3 568
sum andre inntekter	16 635	25 686	20 600	5 086
Sum eksterne inntekter	457 567	479 242	465 904	13 338

Skatt – og inntektsutjamning

I utgangspunktet var det budsjettert med 3,0 – 4,0 mill. kr meir i skatteinntekter enn signala gitt i statsbudsjett for 2014.

For å holde budsjettanslaget vårt måtte skatt og inntektsutjamning auke med vel 10,0 mill. kr frå 2013, det tilsvarar 6,2 %.

Skatteinngangen på landsbasis for kommunesektoren vart ein auke på berre 1,9 %.

Dette er lågare enn det som blei lagt til grunn i statsbudsjettet for 2014. Også lågare enn regjeringa sitt anslag i revidert nasjonalbudsjett våren 2014.

Auken for Vestnes vart berre vel 1,0 mill. kr.

Allereie ved rekneskapsrapport pr. mai såg vi at dette ville vi ikkje gå. Budsjettet vart difor redusert med 6,0 mill. kr (dekka av innspart arbeidsgjevaravgift) til 160,0 mill. kr.

Likevel vart skatteinntektene mindre enn dette også.

Tala for Vestnes kommune er følgjande:

Skatt- og inntektsutjamning	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Sum
Rekneskap 2014	47 266	32 897	47 492	30 218	157 873
Rekneskap 2013	46 476	32 923	47 409	30 042	156 850
Auke	790	-26	83	176	1 023

Skatteinntekter

- Skatteinntektene utgjør kr 22.407,- pr. innbyggjar. Det utgjør 88,8 % av landsgjennomsnittet som er kr 25.226,-. Tilsvarende tal for 2011 86,15, 2012 83,5% og 2013 83,5%.
- Grunna at vi har lågare skatteinngang enn landsgjennomsnittet får vi kompensert delar av dette tapet gjennom inntektsutjamningstilskott (lagt inn i rammeoverføringane). Vi fekk vel 9,6 mill. kr i slik inntektsutjamning. Skatt og inntektsutj. utgjør då tilsaman kr 23.866,- pr. innbyggjar som tilsvarar 94,6 % av landsgjennomsnittet.
- Hadde skatt- og inntektsutjamning i Vestnes vore lik landsgjennomsnitt ville vi hatt ca. 9,0 mill. kr meir i inntekt. Tilsvarende 19,4 mill. meir dersom vi hadde hatt like god skatteinngang som Ullstein kommune som toppar i Møre og Romsdal.

Ekstra skjønsmidler

I slutten av oktober 2014 fekk vi melding om at vi fekk 3,3 mill. kr i ekstra skjønsmidler frå Fylkesmannen.

I hovudsak grunna at vi har mange ressurskrevjande brukarar sett i høve til snittet for kommunane. Også dette må sjåast i samanheng med meirforbruk på drifta.

Asyl og integreringstilskott,

Statleg tilskott vi får som grunntilskott for dei plassane som er ved Vestnes mottak og tilskott til dei flyktningane som vart busett i Vestnes kommune i 2013 og 2014.

Tilskottet skal dekke dei utgiftene kommunen har. Vi har enno lita erfaring med kostnadane for flyktningane som vert busett i kommunen, men vi har grunn til å rekne med at kostnaden i alle fall ikkje er høgare enn tilskotta.

Tilskottet vart 7,1 mill. kr, noko som er 1,4 mill. kr meir enn budsjettert.

Eigedomsskatt

2014 er tredje året med eigedomsskatt. Det er slik skatt både på næringseigedommar, bustadar og fritidseigedommar. Skattesats er 2 promille.

Det er utskreve følgjande eigedomsskatt:

- | | |
|---------------------------------|-----------------------|
| • Næringseigedommar | kr 1.869.000,- |
| • Bustadar og fritidseigedommar | <u>kr 7.120.000,-</u> |
| Sum eigedomsskatt | <u>kr 8.989.000,-</u> |

Eigedomsskattten auka med vel kr 400.000,- frå 2013.

Oppdrettskonsesjonsmidlar

Stortinget har vedtatt at ein del av det som vert betalt for nye konsesjonar til lakseoppdrett skal overførast til kommunane.

I 2014 vart det gjeve ein konsesjon i vårt område og kommunane Misund, Rauma og Vestnes delte på summen med vel 3,6 mill. kr til kvar. Dette er eingangsbetaling og ikkje noko årleg avgift.

Utbytte VEAS og avkastning kraftfond

Vi har ca 145,0 mill. kr frå sal av Tafjord Kraft AS aksjar som er plassert i fond. Tidlegare var delar av dette (opp til 40 %) plassert i aksjefond. I august 2012 avslutta vi slik plassering, og no er det plassert med mindre risiko.

- Vi fekk 7,3 mill. kr i utbytte frå VEAS. Dette er 1,3 mill. kr meir enn det som var budsjettert.
- Avkastning frå fra kraftfondet var 5,8 mill. kr, tilsvarande 4 %.

Sum utbytte og avkastning siste åra

Alle tal i 1000 kr	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Vestnes energi utbytte	3 100	2 000	5 500	6 900	5 935	7 300	4 500	0	2 000	7 300
Rente kraftfond	9 382	7 747	7 256	-17 000	19 749	13 474	-3 452	10 401	6 057	5 829
Sum	12 482	9 747	12 756	-10 100	25 684	20 774	1 048	10 401	8 057	13 129

- Det vart ikkje utbetalt ordinært utbytte frå VEAS i 2012. Det vart imidlertid teke ut 32,0 mill. kr frå selskapet sine frie midlar for å dekke kommunens tidlegare års underskott. Nemnde sum fekk VEAS tilbake ved at kommunen auka aksjekapitalen med tilsvarande sum.




Fig nr 1: Utbytte frå kraftfond og VEAS

Eigeninntekter

Nedanfor lista opp nokre av dei største inntektene:

Alle tal i mill. kr	2010	2011	2012	2013	2014
Trygderefusjon ved sjukefråvær	16,4	15,8	13,9	18	16,2
Refusjon fødselspenger	1,7	1,3	2,4	2,9	1,9
Leieinntekter bustadar	9,8	9,6	9,6	9,6	10,3
Betaling pasienter på institusjon	11,0	11,0	12,2	12,5	12,3
Årsavgift kloakk	5,9	6,1	6,3	6,5	6,7
Renovasjonsavgift	5,5	5,9	6,7	6,9	6,9
Betaling frå foreldre(barnehage, SFO)	9,2	9,0	9,4	10	10,7
Eigedomsskatt			8,6	8,6	9

12.6 Renter og avdrag

Alle tal i 1000 kr	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Netto renteutg.	8 044	13 301	23 539	12 308	11 521	12 839	13 738	14 386	18 260
Avdrag	11 415	11 500	12 944	13 875	15 708	15 662	15 566	15 803	16 886
Sum	19 459	24 801	36 483	26 183	27 229	28 501	29 304	30 189	35 146




Fig nr 2: Renter og avdrag 2002 – 2014

- Åra 2004 – 2006 gjekk renter og avdrag ned. Hovudårsak grunna lågare rentenivå.
- I 2007 auka renta kraftig og fortsatte med det i 1. halvår 2008, etter den tid gjekk renta ned att når finanskrisa kom.
- I 2014 auka renteutgiftene grunna høgre fastrente og mykje bruk av kassekredittlån.

Rente

- Vi har fastrente på 250,0 mill. kr av låna. Rente 3,5 % fast til april 2014, og 4,7 % dei 2 neste åra. Flytande rente på resten, pr. i dag (2015) ca. 2,0 %.
- Om lag 85,0 mill. kr av låna våre gjeld investeringar i omsorgsbustadar/ vedlikehald av skule/kyrkjer som staten dekkar rentene på. Rentekompensasjonen her følgjer marknadsrente.
I tillegg gjeld ein om lag same sum låneopptak til kloakkutbygging, utleigehus m.m der gebyr/husleigeinntekter dekkar rentene.

Utvikling i lånegjeld

Mill. kr	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Opptak av lån	23,3	50,9	1	21	16,8	26	26
Avdrag	12,4	13,9	18,4	15,7	16,9	15,8	16,9
Endring	10,9	37	17,4	5,3	-0,1	10,2	9,1

Lånegjeld	373,6	410,6	393,2	398,5	398,4	408,6	417,7
-----------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

- I tillegg brukte vi ved årskiftet 84,7 mill. kr av kassekredittlån.
- Unytta låneopptak ved årsskiftet er 6,8 mill. kr.




Fig nr 3: Lånegjeld 2003 – 2014

- Lånegjelda 31.12.14 var 417,7 mill. kr, det er ein auke på 9,1 mill. kr frå året før.
- Vi tok opp lån på 26,0 mill. kr, av dette var 4,0 mill. kr startlån.
- Det har ikkje vore auke i lånegjelda siste 10 – 12 år. Låneopptak har vore omlag same som vi betalar i avdrag.
- Netto lånegjeld pr. innbyggjar (Kostra tal) er kr 56.544,-. Fylkesgjennomsnitt er kr 68.940,- og landsgjennomsnitt kr 57.654,-.
- I 2014 auka ikkje lånegjelda pr. innbyggjar i Vestnes. Snitt Møre og Romsdal auka med kr 3.568,-.
- For ein del år tilbake var Vestnes kommune ein av kommunane i Møre og Romsdal med høgst lånegjeld pr. innbyggjar.
Mange av dei andre kommunane i fylket har auka lånegjelda si mykje siste åra, og ved utgangen av 2011 var første året vi hadde lågare lånegjeld enn fylkesgjennomsnitt. No ligg vi godt under og for første gang også under landsgjennomsnittet.

12.7 Resultat på driftseiningsnivå

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	2014		Avvik 2014	
	2013	Rekeskap	Budsjett	i kroner	og i %
Politisk styring	5 057	5 297	5 198	99	1,9
Sentraladministrasjonen	12 250	10 343	10 044	299	3,0
Servicekontor	2 841	3 133	3 325	-192	-5,8
Fellesutgifter	5 764	10 500	10 250	250	2,4
Sum sentraladm. m.m.	20 855	23 976	23 619	357	1,5
Fiksdal skule	5 450	5 678	5 763	-85	-1,5
Tomrefjord skule	22 762	22 264	21 538	726	3,4
Helland skule	30 194	31 175	31 497	-322	-1,0
Tresfjord skule	6 370	5 816	5 737	79	1,4
Fellesutg undervisning	7 386	6 150	6 948	-798	-11,5
Sum grunnskule	72 162	71 083	71 483	-400	-0,6
Tomrefjord barnehage	3 123	3 164	3 163	1	0,0
Tresfjord barnehage	1 978	2 259	2 359	-100	-4,2
Helland barnehage	11 454	11 782	11 824	-42	-0,4
Fiksdal barnehage	2 556	2 762	2 768	-6	
Gardstunet barnehage	3 656	3 966	3 981	-15	-0,4
Skorgen barnehage	1 462	3 157	3 124	33	1,1
Fellesutgifter barnehagar	9 744	3 064	2 077	987	47,5
Private barnehagar	2 587	7 958	8 038	-80	-1,0
Sum barnehagar	36 560	38 112	37 334	778	2,1
Vestnes kulturskule	4 244	4 671	4 335	336	7,8
Kultur	1 888	1 950	2 673	-723	-27,0
Bibliotek	1 105	1 292	1 226	66	5,4
Frivillisentral	178	480	544	-64	-11,8
Kyrkjelege formål	3 971	3 617	4 175	-558	-13,4
Sum Kultur	11 386	12 010	12 953	-943	
Barne- og ungdomst.	21 815	27 396	26 326	1 070	4,1
Heimetenestene	36 971	35 473	33 788	1 685	5,0
Vestnes sjukeheim	47 104	51 244	50 079	1 165	2,3
Hellandtunet	25 321	24 465	24 898	-433	-1,7
Fellesutg. pleie- og omsorg	10 609	11 757	10 601	1 156	10,9
Helsevern	8 918	9 212	8 648	564	6,5
NAV - sosial kommune	7 803	7 508	6 908	600	8,7
Sum helse, omsorg, velferd	136 726	139 659	134 922	4 737	3,5
Bu- og habiliteringstenesta	111 516	108 754	106 841	1 913	1,8
Eigedomsdrift	1 068	25 606	27 015	-1 409	-5,2
Tekniske tenester	12 205	12 552	13 514	-962	-7,1
Sum tekniske tenester	13 273	38 158	40 529	-2 371	-5,9
Kjøp tenester Tremek	3 033	2 713	2 625	88	3,4
Sum netto driftsutgifter	432 383	467 158	461 830	5 328	1,2

Grunnskule

For første år på fleire år hadde grunnskuledrifta eit lite mindreforbruk. I 2012 var det meirforbruk på 4,7 mill. kr og 6,5 Mill. kr i 2013.

Utgiftene gjekk ned med 1,1 mill. kr, det er spesielt kjøp av undervisningstenester til barn som er plassert i fosterheim utanfor kommunen som er redusert. I tillegg var nok budsjetta meir realistisk enn tidlegare år.

Administrasjonen har også brukt tid på økonomisk oppfølging av denne sektore.

Barnehage

Barnehagane helt budsjettet, dei fleste hadde også litt mindreforbruk. Dette er svært positivt, sektoren sine budsjett var stramme og det var føresett fleire sparetiltak.

Det var imidlertid meirforbruk på fellesutgiftene og då spesielt utgifter til ekstra ressurs til spes. ped. tiltak. Sektoren samla fekk meirforbruk på 0,8 mill. kr.

Barne- og ungdomstenestene

Meirforbruk på knapt 1,1 mill. kr. Det er barnevern som har meirforbruk. Utgiftene til barnevern har nesten ikkje auka i 2014, budsjettet var nok noko urealistisk lågt.

Helse, omsorg og velferd

Meirforbruk på 4,7 mill. kr, tilsvarende var det 6,5 mill. kr i 2013.

Her må vi nemne to faktorar som er medverkande årsaker til meirforbruk

- Vestnes sjukeheim har for første år på lenge meirforbruk. Det skuldast at dei har fått ressurskrevjande brukarar. Kommunen har fått auka statlege overføringar for dette, men det er ikkje inntektsført sjukeheimen. Hadde budsjettet til sjukeheimen vorte korrigert for dette ville dei også hatt eit mindreforbruk.
- I 2014 er det gjort ei avskrivning på uteståande trygderefusjonskrav. Det er inntekter som er inntektsført tidlegare år, men som viser seg å være feil krav, netto ekstra utgift for pleie- og omsorg på 1,6 mill. kr.

Bu- og habiliteringstenestene

Meirforbruk på 1,9 mill. kr.

Her må vi nemne at på bueining Kariplassen var det eit meirforbruk på 2,4 mill. kr. Det skuldast alt vesentleg at budsjettet var feil, det var gløymt budsjettert alle utgiftene til ressurskrevjande brukarar.

Meirforbruk på Kariplassen, og dermed bu- og habiliteringstenestene, må vi sjå ilag med at refusjonen for ressurskrevjanade brukarar også vart langt høgare enn budsjettert.

Korrigert for dette ikkje meirforbruk.

Pensjonskostnader

Pensjonsutgiftene har auka mykje siste åra.

Det spesielle med pensjonskostnadane er at ikkje heile summen vi betaler i pensjonsutgifter vert utgiftsført same året som det vert betalt.

Delar av det vi har betalt (premieavvik) vert overført til seinare år.

I 2014 betalte vi 60,2 mill. kr i pensjonspremie, men berre 43,7 mill. kr vart utgiftsført i driftsrekneskapen.

Ved utgangen av 2014 er premieavviket 80,6 mill. kr inkl. arbeidsgjevaravgift. Dette må utgiftsførast i drifta i kommande år. Det vil føre til at pensjonskostnadane vil auke mykje dei næraste åra.

12.8 Kvar brukar vi pengane

	Rekneskap	i % av
Rammeområder/ alle tal i 1000 kr	2014	totalforbruket
Politisk verksemd	6 297	1,4
Sentraladm/servicektr/fellesutg	23 976	5,2
Grunnskule	71 083	15,3
Barnehage	38 112	8,2
Kulturskulen, almen kultur og fritid	12 010	2,6
Barne- og ungdomstenestene	27 396	5,9
Helse, omsorg og velferd	139 659	30,0
Bu- og habiliteringstenestene	108 754	23,4
Teknisk sektor	12 552	2,7
Eigedomsdrift	25 606	5,5
Sum driftsutgifter	465 445	100,0




Fig nr 4: Her bruker vi pengane

- Pleie- og omsorg (helse, omsorg og velferd og Bu- og habiliteringstenestene) er dei klart største sektorane i kommunen med over 54 % av kommunen sitt netto forbruk.
- Grunnskule og barnehage er dei andre store sektorane med over 24 % av forbruket.
- Samla bruker dei sektorane som er nemnt ovanfor 77 % av netto driftsutgifter.

Utvikling siste åra

Rammeområder	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Endring i % 2011-2014
Politisk verksemd	4 231	5 207	5 057	5 297	25,2
Sentraladm/servicekr/fellesutg	22 275	22 125	23 060	23 976	7,6
Grunnskule	72 354	71 154	72 162	71 083	-1,8
Barnehage	30 964	36 560	36 560	38 112	23,1
Kulturskolen, almen kultur og fritid	10 887	12 154	11 386	12 010	10,3
Barne- og ungdomstenestene	20 000	20 566	21 815	27 396	37,0
Helse, omsorg og velferd	111 085	130 747	136 726	139 659	25,7
Bu- og habiliteringstenestene	95 636	106 170	111 516	108 754	13,7
Teknisk sektor	10 198	9 720	10 000	12 552	23,1
Kjøp tenester Tremek	3 128	3 138	3 033	2 713	-13,3
Sum driftsutgifter	380 758	417 541	431 315	441 552	16,0

Eigedomsdrift er ikkje teke med i denne oversikten då det har vore stor omlegging i rekneskapsføringa i 2014 og det vil bli misvisande informasjon.




Fig nr 5: Utvikling i kostnadane siste åra

- BUT aukar mest i %, mykje av årsaka til dette er at dei har fått ansvar for kommunen si asyl- og flyktninghjelp. Korrigert for dette er auken 17 %.
- Størst auke i kroner er innan pleie- og omsorg.
- Grunnskule har reduksjon i utgiftene. Dette har m.a. samanheng med at elevtalet er redusert og budsjett og rammevilkåra er redusert tilsvarande. Men største økonomiske gevinst er nok at ein avslutta ungdomsskolen i Tresfjord og samla dei i lag med Helland.

12.9 Kva brukar vi pengane til

- Lønsutgiftene og sosiale kostnader er den klart største utgiftsposten til kommunen og utgjør over 75 % av samla driftsutgifter.
- For mange sektorar utgjør løn og sosiale utgifter langt høgare del av utgiftene, nemner barnehage med 90 %, skule 88 % og PO 95 %.

Tal i mill. kr	2010	2011	2012	2013	2014	Endring i % 2010 - 2014
Løn faste stillingar	178,9	184,6	193,8	208,0	216,5	21,0
Arbeidsgjevaravgift	40,5	41,8	46,4	49,2	43,2	6,7
Pensjonspremie	31,5	32,5	34,8	40,0	43,7	38,7
Avtalefesta tillegg	26,5	26,6	29,7	33,4	33,0	24,5
Sjukevikarar	17,3	19,1	20,3	20,4	18,0	4,0
Ferievikarar	7,9	7,8	8,4	8,4	8,3	5,1
Overtid	2,0	3,2	5,4	6,5	5,3	165,0
Løn/godtgjersle fosterheimar	3,7	4,0	3,7	3,9	5,2	40,5
Brensel/ elektrisk energi	9,8	9,2	7,8	10,1	9,6	-2,0
Matvarer	4,1	4,2	4,6	4,6	4,8	17,1
Inventar og utstyr	1,9	2,9	4,3	3,5	3,9	105,3
Private barnehagar	3,4	9,4	11,2	10,3	8,3	144,1
Kjøp reinhaldstenester	2,8	3,0	2,7	3,4	3,3	17,9
Skuleskyss	1,8	2,2	2,7	2,7	2,6	44,4

- Pensjonsutgiftene aukar mykje, i tillegg er mykje av det vi har betalt enno ikkje utgiftsført (premieavvik). Dette vil komme som ekstra kostnad i kommande år.
- Overtidsbruken auka kraftig i mange år. Vi har siste åra sett sterk fokus på at den skal reduserast og ser effekt av dette arbeidet i 2014.
- Sjukevikarutgiftene har ikkje auka lite siste åra. Korrigerert for lønsauken i perioden så er det nok ein reell reduksjon. Det har nok også samanheng med bevisst sparetiltak.
- Utgiftene til løn/godtgjersle fosterheimar har auka mykje. Det har samanheng med at vi har mange barn plassert i fosterheim.
- Sjølv etter at arbeidsgjevaravgifta vart redusert frå 01.07.14 så betaler vi tilbake over 43,0 mill. kr til staten i form av arbeidsgjevaravgift.

KAP 13 OVERSIKT PROSJEKT

Staten v/fylkesmannen, departement og direktorat har dei siste åra hatt stort fokus på å utvikle kommunesektoren ved å prøve ut nye tiltak. Det er difor løyvd til dels mykje pengar som kommunane kan søkje om å få tilgang på. Det positive i dette er at ein kan få midlar til utprøving av nye arbeidsmåtar utan å måtte få løyvingar over kommunen sitt driftsbudsjett. I prosjektstillingar kan vi få verdifull kompetanse inn i organisasjonen vår. Det som er krevjande i dette er at prosjektmidlane tek slutt. Dermed blir det ei vanskeleg avgjerd kva tiltak som må avviklast, eller kva tiltak som det skal satsast vidare på. Dette blir spesielt vanskeleg når ein står overfor kuttprosessar.

Namn prosjekt	Innhald	Ansvarleg	Deltakarar	Prosjekt-periode
Prosjekt styrka barnevern	Midlar frå Fylkesmannen. Stillingsressurs i Barne- og ungdoms-tenesta (BUT)	Vestnes kommune	Kommunen v/BUT	2012/2013/2014: Totalt tildelt 1,8 stilling + Kompetanse-utviklingsmidlar
Kompetanseheving barnevernet	Midlar frå Helsedirektoratet. Gjennomføring av kurs og konferansar	Vestnes kommune	Barneverntenesta o.a. relevante samarbeidspartar	2012 Sjå pkt ovanfor
Psykolog i dei kommunale helse- og omsorgs-tenestene	Midlar frå Helsedirektoratet. Psykologstilling lagt til helsestasjonen	Vestnes kommune	BUT v/helsestasjon	Oppstart haust 2014 Inntil 6 år
Rusførebygging Vaksne	Midlar frå Helsedirektoratet. Stillingsressurs NAV-kommune	Vestnes kommune	Kommunen v/NAV Samarbeidsforum BUT og politiet	Oppstart 2010/2011 3 år
Interkommunalt gjeldsprosjekt	Midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Utvikle metode for å førebygge og forhindre utvikling av gjeldsproblematikk	Vestnes kommune	Tenestoområde 3 i NAV Aukra, Fræna, Eide, Rauma, Molde, Midsund	Oppstart 2012 Inntil 3 år
Samarbeid om ny behandlingsmodell innen psykisk helsevern (ACT –team)	Midlar frå Helsedirektoratet + midlar frå HFet og kommunar. Aktiv oppsøkande behandlingsteam for personar med psykiske lidingar/rus	HNR Samarbeids-avtale mellom HF og kommunar	HNR Molde, Vestnes, Eide, Fræna, Rauma, Midsund, Nesset, Aukra	3-5 år I gang frå januar 2012
Interkommunalt samarbeid om Samhandlings-reform (ROR prosjekt)	Midlar frå Halsedirektoratet Arbeid med felles utfordringar knytt til innføring av Samhandlingsreform	ROT v/prosjekt-koordinator	HNR Aukra, Fræna, Molde, Midsund, Nesset, Vestnes, Rauma, (Eide , Gjemnes)	Som prosjekt mai 2011 til mai 2013. Vidareført som nettverksgruppe
Musikkarven i Vestnes	Midlar frå Norsk kulturråd	Kulturskulen	Samarbeid mellom kulturskule og sogelaget	2014

Interkomm.. samarb.-plan for Romsdalsfjorden	Midlar frå Fylkeskommunen til utarbeiding av plan	Sentraladministrasjonen	Romsdalskommunar	Midlar over to år
Spenningsfeltet mellom den ordinære opplæringa og spesialped.tilbodet	Prosjektmidlar frå fylkesmannen	Vestnes og Rauma	Vestnes og Rauma. Prosjektgruppe med deltakarar frå skule, barnehage og PPT i begge kommunane	2012 - 2015
Kråkvika frilufts-område - ny parkeringsplass - statleg sikring og opparbeiding.	Statstilskot, Direktoratet for naturforvaltning	Sentraladm. og tekniske tenester	Vestnes	2012- 2014
Gjermundnes samarbeidsprosjekt med kombinasjon kulturminne (fylkeskonservator/ Riksantikvar) og friluftsliv (lokale lag / museum / skule.) statleg sikring og opparbeiding - skilting.	Statstilskot, Direktoratet for naturforvaltning	Sentraladm. og tekniske tenester	Vestnes	
Sammen for lindring	Statstilskot / Helsedirektoratet	Interkomm. samarb.prosjekt Kompetanseheving, «plan for lindring», samarbeid om palliasjon	ROR kommunane Sjukhuset i Molde	2014 - 2016
Barnefattigdom-prosjekt	Fylkesmannen	Vestnes kommune / NAV	kommunalt	2014 - 2015
Læringsnettverk i velferdsteknologi	Fylkesmannen Det midtnorske velferdsteknologinettverket og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetenester	Innovasjon / arb.prosess Bruk av velferdsteknologi	Interkommunalt	2014- 2016
DU-kurs (Depresjons-meistringskurs for ungdom)	Midlar frå Fylkesmannen	Frisklivssentral/ skulehelse-tenesta	Interkommunalt tiltak	2014 - 2015
Oppfølging av personar med diabetes type 2, samt forebyggjande tiltak til barn og unge med overvekt og deira foreldre	Midlar frå Helsedirektoratet	Folkehelsekoordinatarar Vestnes/Rauma	Menneske med diabetes type 2 Foreldre og barn i 3. klasse der barnet har overvekt	2014 - 2015

